

KULTUR- MINNE- PLAN FOR SULDAL



SULDAL KOMMUNE 2018

Kulturminneplan for Suldal

Fagplan


Vedtatt av kommunestyret 19.06. 2018

Digital versjon av planen er tilgjengeleg her:
[http://www.miljostatus-suldal.no/natur-og-kultur/
kulturminne-og-kulturlandskap/](http://www.miljostatus-suldal.no/natur-og-kultur/kulturminne-og-kulturlandskap/)

Utarbeidning og layout: Naturinform SA, Sand

Fotokrediteringar:

Alle fotografi/illustrasjonar av Rune Roalkvam med følgjande unnatak (sidetal):
Torbjørn Guggedal: 50 stort
Tor Inge Havrevoll: 48 stort
Alf Næsheim: 18 øvst
Alf Odden: 20 to små.
Bjarte Skipevåg: 33 (alle små bilde), 37 nedst, 38 øvst og nedst, 51 lite, 52 lite øvst, 56 stort.
Suldal Sogelag: svartkvit bilde på s. 24, 31, 40, 43, 44, 45, 48, 49, 57, 59, 67, 70
Univ. oldsakssaml. Oslo: 18 nedst.
Arkeologisk Museum Stavanger: 21 lite
Gidske Vik: 35 stort
Nasjonalgalleriet: 58
Statkart: 3, 60
Suldal kommune: 61 øvst.
Illustrasjonar av publikasjonar m.v. vesentleg henta frå nettsider.



Suldalsbeten

Innhald

Føreord	4
<i>Framtid med fotfeste – kulturminnepolitikken</i>	6
1. Innleiing	8
1.1. Mål for kulturminneplanen	8
1.2. Plantype	8
1.3. Prosess	8
1.4. Planstatus	8
1.5. Kvifor ta vare på kulturminne?	9
1.6. Overordna føringar	10
1.7. Kva trugar kulturminna?	11
1.8. Aktørar, støtteordningar og virkemiddel	13
2. Kulturhistorisk oversyn	18
2.1. Fornminne	18
2.2. Bygningsmiljø, bygg og anlegg	26
2.3. Kulturlandskap	51
2.4. Gjenstandar	56
2.5. Immateriell kulturarv	62
3. Planverktøy	70
3.1. Mål for kulturminnevernet i Suldal	70
3.2. Strategiar	70
3.3. Retningsliner for bruk av kommunale midlar	72
3.4. Reglar for tildelte midlar	73
Vedlegg	
1. Hus i SEFRAK kategori A	74
2. Regulerte kulturvernområde	76
3. Aktuelt lovverk	79
4. Freda og verna bygningar i Suldal	82

Føreord

Suldal har ein rik kulturarv med mange kulturminne som det er viktig å synleggjera og ta vare på. Suldal er ein kulturkommune. Det å ha kunnskap om lokale kulturminne er med å skapa identitet. Kjennskap til nye og gamle kulturminne er viktig for næringslivet, spesielt reiselivet. Nasjonal turistveg Ryfylke med arkitekturrundturen gjennom Sauda og Suldal viser korleis ein kan nytta både nye og gamle kulturminne i turistnæringa.

Kulturminneplanen syner kulturarven vår på ein god måte. Den handlar og om å nytta positive verkemiddel for å ta vare på denne arven og at me legg til rette for vern gjennom bruk.

Eg håper at kulturminneplanen gir hjelp og inspirasjon i arbeidet med å verta kjent med og å ta vare på kulturminna våre.

Gerd Helen Bø
ordførar

Frå Kolbeinstveit.



Frå stortingsmelding 35 (2012-13):

Framtid med fotfeste - kulturminnepolitikken

Dette er det viktigaste overordna dokumentet som ligg til grunn for kommunen si kulturminneforvalting. Me gir her att første kapittel som er ei god introduksjon til emnet:

«Gjennom ca. tolv tusen år har mennesker levd, virket og satt spor etter seg i det som i dag er Norge. Mange av sporene er forsvunnet, dels på grunn av erosjon, forvitring og gjengroing, og dels på grunn av aktivitetene til de generasjonene som har kommet etter. Kulturminnene og kulturmiljøene som er her i dag, er et resultat både av tilfeldigheter og av at man bevisst har valgt å ta vare på dem. Disse kulturminnene og kulturmiljøene er uerstattelige kilder til kunnskap og opplevelse. De omfatter alt fra elementer i kulturlandskapet, som gravhauger og steingjerder til bymiljøer og tekniske og industrielle anlegg. Disse sporene, og sammenhengene mellom dem, er en del av det levende samtidsmiljøet og utgjør også et viktig grunnlag for morgendagens samfunn.


Kulturminner og kulturmiljøer er ikke-fornybare ressurser. Blir de ødelagt eller fjernet, er de tapt for alltid. I motsetning til mange andre ikke-fornybare miljøressurser, som for eksempel fossilt brennstoff, mister ikke kulturminnene sin betydning så lenge de blir brukt og forvaltet på en måte som ivaretar de bærende kulturhistoriske verdiene. Kulturminnene og kulturmiljøene gir menneskene forankring i tilværelsen. De er en felles kunnskaps- og erfaringsbank, og de er møteplasser mellom fortiden, nåtiden og framtiden.

Kulturminner og kulturmiljøer representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdier. De har betydning for enkeltmenneskenes identitet, trivsel og selvforståelse. De gir steder sær preg og egenart. De kan også være en ressurs for en god lokalsamfunns- og næringsutvikling. Disse perspektivene gjennomsyrer verdigrunnlaget og politikken i St.meld. nr. 16 (2004–2005) Leve med kulturminner, og ligger også til grunn for videreutviklingen av kulturminnepolitikken i denne meldingen. Målet med kulturminnepolitikken er derfor å forvalte de kulturhistoriske verdiene på lang sikt som et kulturelt og miljømessig ressursgrunnlag for morgendagens samfunn.

Kulturminner og kulturmiljøer er viktige miljøressurser. Allerede da Miljøverndepartementet ble etablert i 1972, ble kulturminner integrert som en del av det nyopprettede departementet. Bakgrunnen for å samle ansvaret for naturforvaltningen og kulturminneforvaltningen, var ønsket om å kunne se naturen og de faste kulturminnene i sammenheng med all arealdisponering og som grunnlag for en helhetlig miljø- og ressursforvaltning i et langsiktig tidsperspektiv. Sammenhengen mellom naturen og de menneskeskapte kulturminnene er forankret og utviklet videre i miljøvernpolitikken, forvaltningspraksis, lover og regelverk i de vel 40 årene som er gått.

Utover på 1970- og 1980-tallet endret perspektivet i kulturminnepolitikken seg. Kulturminneloven av 1978 la vekt på en helhetlig tilnærming til kulturminner fra en ca. tolv tusen år lang historie. Fra å ha fokus primært rettet mot enkeltobjekter, ble oppmerksomheten nå i større grad rettet mot sammenhengen mellom kulturminnene og helheten de inngår i.

Vår oppfatning av verdien som ligger i kulturminnene, og vår tolkning av dem, endrer seg over tid. Kulturminneforvaltningens fokus har endret seg betraktelig i de siste 170 årene, både faglig og politisk. I begynnelsen var kulturminnevernet først og fremst et frivillig ansvar, noe som blant annet kom til uttrykk ved at Fortidsminneforeningen ble etablert i 1844. Interessen for de faste kulturminnene kom i stor grad som en følge av de store samfunnsendringene på 1800-tallet. Det ble da særlig lagt vekt på kulturminnenes alder. De kulturminnene det var viktigst å sikre for ettertiden var stavkirkene og arkeologiske enkeltobjekt fra forhistorisk tid og fra middelalderen. Sammen med Fortidsminneforeningen var de altomfattende kultur- og naturhistoriske samlingene ved museene i Trondheim,



<https://www.regjeringen.no/contentassets/d188971bddf84055a6e-3d2161e6c3ea3/no/pdfs/stm-201220130035000dddpdfs.pdf>

Bergen, Christiania, Stavanger og Tromsø viktige i dette arbeidet. Mye av arbeidet var også nært forbundet med nasjonsbyggingen og skulle bidra til å skape en bevissthet om en felles, samlende, norsk fortid og historie. Samenes og minoritetenes historie og kultur sto utenfor denne nasjonale historien. De ble fortjet og fikk ingen faglig oppmerksomhet før etter krigen og den samiske kulturreisningen fra 1970-tallet.

Gradvis har kulturminnevernet blitt et politisk område. Fram til Riksantikvaren ble opprettet i 1912, lå ansvaret for bygningsarven hos Fortidsminneforeningen. Da ble det overført til det nyopprettede embetet under Kirkedepartementet. Det politiske ansvaret ble forsterket gjennom at embetet ble overført til Miljøverndepartementet i 1972. Kulturminnevernet ble en del av miljøpolitikken, noe som ytterligere ble forsterket i 1988 da Riksantikvaren ble omdannet til et direktorat, og i 1990 da det regionale ansvaret ble overført til det politiske, regionale nivået i fylkeskommunen.


Et kulturminnes alder og en bygnings arkitektoniske verdi er fremdeles viktige kriterier. Men i dag er også representativitet et sentralt kriterium. Det er viktig å sikre at de beste representantene for ulike stilarter, ulik arkitektur, ulike næringer og sosiale lag og ulike etniske grupper blir tatt vare på. Samtidig blir det i dag lagt mer vekt på å forstå og ta vare på større helheter og sammenhenger. Vegetasjon, steingjerder, veifar, stier, bygninger og utmark er alle elementer som hjelper oss til å forstå hvordan generasjonene før oss har levd i, brukt og omskapt naturen til et levende kulturlandskap. Et stabbur var for eksempel en liten brikke i en stor og komplisert struktur som strakk seg fra gårdstunet og løene med slåttemarkene i dalbunnen opp til seteren i høyfjellet.

I dag er bredden i kulturminneforvaltningen stor og virkemidlene mange, men i et samfunn hvor endringstempoet er høyere enn noen gang, stiller det store krav til at forvaltningen skal være tydelig og forutsigbar. Samtidig kan nye miljøutfordringer virke direkte inn på hvordan samfunnet sikrer sine kulturhistoriske verdier.

Begrepet kulturarv brukes ofte for å beskrive både den materielle og den immaterielle kulturarven fra tidligere tider og omfatter i tillegg til faste kulturminner i det fysiske miljøet, også muntlige tradisjoner, skikker, ritualer og ferdigheter knyttet til tradisjonelle håndverk. Der ikke annet er presisert, blir begrepet kulturarv i denne meldingen begrenset til å omfatte kulturminner i det fysiske miljøet, inkludert steder det knytter seg hendelser, tro og tradisjon til.»

*Frå Brommelandstolen.
Stølane og stølsmiljøa er
det knytte store kultur- og
opplevelsesverdiar til, ikkje
minst i Suldal.*





Innleiing

1. Innleiing

1.1. Mål for kulturminneplanen

Forutan å vera eit oversyn over kulturminne og kulturarv i Suldal kommune, skal planen også vera eit styringsdokument som kan nyttast i saker til administrativ og politisk behandling, t.d. i byggesaker, tiltak i landbruket og til prioritering av søknader om tilskot til å ta vare på kulturminne.

1.2. Plantype

Kulturminneplanen er ein temaplan som skal vera eit grunnlagsdokument for kommuneplanen, og mål, strategiar m.v. i del 3 kan inngå i kommuneplanen. Ein temaplan gjev i seg sjølv ikkje juridisk bindande vern, berre faglege vurderingar og tilrådingar. Først ved kartfesting og planavgjersler i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, vil nyare tids kulturminne eller heile kulturmiljø få ein juridisk bindande vernestatus.

1.3. Prosess

Suldal kommune sökte om og fekk tildelt midlar i 2017 frå Riksantikvaren for revidering av gjeldande kulturminneplan. Naturinform SA ved Rune Roalkvam har utarbeidd planframlegget i samarbeid med ei administrativ gruppe, der kultursjef Aud Marit Hauge, bygdeutviklingsjef Endre Gjil og kommunalsjef Torbjørn Guggedal deltok. Medverknad har skjedd i form av offentleg ettersyn etter at planen vart presentert for LMT-utvalet.

1.4. Planstatus

Gjeldande kulturminneplan for Suldal – “Plan for skjøtsel av kulturminne i Suldal” – er frå 2005, med eit tillegg frå 2014. Store delar av teksten er vidareført i føreliggjande plan, revidert for å høva til dagens status.

*Bjergsted på Jelsa
– gammal handelsstad. Klas-
sisk døme på kulturminne.*



Når det gjeld bygningar, er det SEFRAK-rapporten frå 1996 som ligg til grunn, sjølv om den er over 20 år gammal, og endringar i status for einskilde bygningar kan ha skjedd.

1.5. Kvifor ta vare på kulturminne?

Kunnskap

Kulturminna gir oss kunnskap om korleis folk levde, bygde og brukte landet i tidlegare tider. Det har stor eigenverdi å ta vare på eit representativt utval kulturminne, både bygningsmiljø, kulturlandskap og gjenstandar.



Identitet

Kunnskap om lokale kulturminne bidrar til identitetsskaping og stolthet over å høyra til i Suldal. I lang tid var Suldal med Stavanger-augo sett på som ein traust, «tjørebreidd» kommune med ei rik kulturarv, mest som eit lokalt Setesdal eller Telemark. Suldal har det siste tiåret marknadsført seg som ein moderne kulturmune, og er kåra til «Årets kulturmune» i Rogaland ikkje mindre enn to gonger, i 2007 og 2017. Ved å informera om og marknadsføra både gamle og nye kulturminne vil ein kunna bidra ytterlegare til denne identitetskjensla.

Oppleveling og undervisning

Kjennskap til, og kunnskap om kulturminna kan vera ei kjelde til store opplevelingar og betre forståing av landskapet me bur og ferdast i. I tettstader og langs turstiar er det gjerne kulturminne og landskapselement ein går forbi utan å vita at dei fortel interessante historiar. I undervisninga vil ein ofte kunne finna lokale døme på tema som inngår i læreplanane, noko som kan bidra til større forståing og interesse. Informasjon om kulturminna er eit viktig grunnlag i denne samanheng. Eit døme kan vera husmannsplassen Hansaplassen, som låg like ved Sand skule og vart nytta som eit tema i undervisninga.

Også frå nyare tid er det kulturminne - den raude telefonkiosken er for det meste borte, men denne har Suldal tatt vare på ved Kulturhuset.

Næring

I seinare tid er det blitt stadig meir vanleg å nytta kulturminne som eit element i næringsdrift, særleg innan reiseliv og turisme. I Indre Ryfylke har ein i det siste fått augo opp for det potensiale som ligg her, både i høve til tradisjonelle kulturminne som t.d. museumsanlegg; og moderne arkitektur som Høsebrua og Energihotellet. Med meir samarbeid og systematisk tilnærming, vil ein kunna utnytta dette potensialet til fulle, gjerne i kombinasjon med dei store naturverdiane me også forvaltar



Høsebrua - moderne kulturminne.

Kva er kulturminne?

Definisjon på kulturminne (jf: lov om kulturminner § 2):

“Med kulturminne menes alle spor av menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelseser, tro eller tradisjon til.”

“Det er vanlig å dele kulturminner inn i to hovedkategorier, immaterielle og materielle. Lokale tradisjoner, sagn, myter, historier, stedsnavn, musikk og håndverkstradisjoner er eksempler på immaterielle kulturminner. Materielle kulturminner deles igjen i faste kulturminner, som for eksempel bygninger, gravhauger, broer, boplasser; og gjenstander.”

1.6. Overordna føringer

<https://www.regjerin-gen.no/contentassets/d188971bddf84055a6e-3d2161e6c3ea3/no/pdfs/stm-201220130035000dddpdfs.pdf>



file:///C:/Users/su_roarun/Downloads/Regional%20kulturplan%20for%20Rogaland%202015-2025.pdf



file:///C:/Users/su_roarun/Downloads/Fylkesdelpian+for+kystsonen+i+Rogaland%20(1).pdf

<http://heiplanen.no/>

<https://www.suldal.kommune.no/>

1.6.1. Nasjonale føringer

Stortingsmelding 35 2012-13: *Framtid med sofeste – Kulturminnepolitikken* gir nasjonale føringer. Her vert vert m.a. målet om minimering av årleg tap av verneverdig kulturminne og kulturmiljø frå St.meld. 16 2004-5 vidareført. Den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige bredden i vern av kulturminne/miljø skal betrast. Kommunane er ein viktig aktør i dette arbeidet. Les utdrag av meldinga på s. 6-7.

1.6.2. Regionalplanar

Regional kulturplan for Rogaland 2015-2025 har eit kapittel 4 om kulturarv med følgjande hovudmål:

- «• Rogaland fylkeskommune skal bidra til å forvalte vår felles kulturarv på en bærekraftig måte i samsvar med nasjonale og regionale føringer.
- Kulturarven skal bidra til å skape bo- og kulturmiljøer som bidrar til livskvalitet og oppleves som attraktive.
- Kompetansebehovet for å kunne være en aktiv utviklingsaktør innen kulturminnevern skal ivaretas.»

Det er dessutan ein eigen regionalplan for museum (2011)

Fylkesdelpian for kystsonen i Rogaland (2002) har som eit hovudmål:

«Kulturminner og kulturmiljøer i sjø og kystsone skal sikres som viktige kilder for kunnskap og opplevelseser til beste for dagens og morgendagens mennesker». Den gir følgjande retningslinjer for offentleg planlegging og forvalting (det er ikkje noko punkt 4):

- «1. Kjente områder og enkeltlokaliteter i sjø og kystsone som er vernet etter kulturminneloven skal kartfestes i kommuneplanen. Unntak er marine kulturminner som oppnår bedre beskyttelse ved ikke å kartfestes.
2. Tiltak nær kjente områder og enkeltlokaliteter i sjø og kystsone som er vernet etter kulturminneloven skal ikke tillates dersom tiltaket er i strid med verneformålet.
3. Andre dokumenterte kulturminneverdier i sjø og kystsone bør beskrives, kartfestes og beskyttes i kommuneplanen.
5. Det skal legges til rette for vern av kulturminner og kulturmiljøer i sjø og kystsone gjennom å kombinere hensynet til vern med fornuftig bruk.
6. Bygninger og konstruksjoner i kystsonen av kulturhistorisk verdi skal så langt som mulig vedlikeholdes i tråd med opprinnelige tradisjoner og materialbruk.
7. Kystverket 2. distrikt, kommunale havnestyrer, Fiskeridirektoratets regionkontor og andre offentlige etater skal sende alle saker som kan berøre marine kulturminner til uttalelse hos Rogaland fylkeskommune, kulturseksjonen.»

Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (2012) omfattar store deler av Suldalsheiene. Her er eit eige kapittel om kulturminne. Mange av desse er knytte til fangst og jakt på villrein. Ein viser i hovudsak til kommunal planlegging og forvalting for å ta vare på desse.

1.6.3. Kommunale planar

Kommuneplan for Suldal 2015-2024 slår fast at Suldal skal vera ein kulturkommune. Ei av dei opplista utfordringane er: «Å sikra både materielle og immaterielle kulturminne gjennom fysisk bevaring og gjennom formidling og levandegjering.». Som ein hovudstrategi er aktiv bruk av gjeldande plan for skjøtsel av kulturminne. «planen skal nyttast i haldningsskapande arbeid, og i samarbeid med Ryfylkemuseet stimulera til vern og formidling av bygningar og samlingar, språk og forteljingar, musikk og handverk og andre tradisjonar innan arbeid og fritid.»

1.7. Kva trugar kulturminna?

1.7.1. Forfall

Bygningar og anlegg har som oftast ei avgrensa levetid, avhengig av vedlikehald. Mange bygningar og anlegg som er bygde for særlege føremål/aktivitetar som ikkje lenger er aktuelle, er særleg utsette for forfall. Utløer i heia er eit godt døme. Når det gjeld gjenstandar og samlingar av kulturhistorisk verdi i privat eige, er dei utsette for å bli kasta eller øydelagde, t.d. i samband med dødsfall og arveoppgjer. Tilfeldigheter og interesse spelar inn. Musea spelar ei viktig rolle for å bevara eit representativt utval av slike kulturminne.

1.7.2. Endringar og modernisering

At våningshus og andre bygningar blir endra, påbygde og moderniserte er ein naturleg prosess. I høve til utgangspunktet blir då den kulturhistoriske verdien mindre, sjølv om også endringsprosessen kan vera av interesse, særleg dersom den er godt dokumentert. Kulturverdiar bør vera tema i byggesaksbehandling.

Også gamle arbeidsmåtar blir endra, t.d. ved mekanisering. Handlingsbåren kunnskap overlever best ved aktiv overføring av kunnskap, her har t.d. Ryfylkemuseet gjort ein god jobb innan arbeidsmåtar innan husbygging, muring m.v.



Hiima-krambunga i ata på Sand måtte rivast for å gi plass til nytt sentrumsbygg. Huset vart sett opp att i Eidsjøen.

1.7.3. Riving

Dersom ein grunneigar ønskjer å bruka eit areal med ein eksisterande bygning til eit nytt føremål, vert det ofta soikt om riveløyve. Då kan kommunen vurdera dei kulturhistoriske verdiane opp mot grunneigars ønske og behov. I ein del tilfelle blir bygningar rivne utan at dette vert omsøkt.

1.7.4. Brann m.v.

Trebygningar er særleg utsette for brann. I dette småhusmiljø kan brann få katastrofale verknader også for dei kulturhistoriske verdiane. Strandstaden Sand har såleis vore utsett for tre større brannar som har rasert større eller mindre deler av sentrumsbebyggelsen, seinast i 1965.

1.7.5. Utbyggingsinteresser

Ønskje om nye bygg/anlegg/verksemder kan forutsetta at eldre busetnad må vika



Når ein bygning ikkje blir brukt, set forfallet inn etter kort tid. Frå Kuvika, ein fråflytta gard ved Sandsfjorden.

*Klimaendringane fører m.a.
til høgare vasstand og meir
over langs kysten. I 2005
øydela stormen "Inga"
dampskskaien på Jelsa.
Den vart seinare bygd opp
att, på ein måte som gjer
den mindre utsett for slike
stormar.*



plassen. Ofte vil då t.d. næringsinteresser gå føre kulturhistoriske interesser ved politisk behandling. Eit døme frå Suldal er debatten kring riving av to eldre sager på Sand, sett opp mot bygging av nytt hotell; eller riving av Hiim-huset i Gata for å gi plass til nytt sentrumsbygg. I begge desse sakene enda det med at dei gamle bygningane blei flytta til nye lokalitetar. Sjølv om bygningane på dette vis vart bevarte, vart den geografiske konteksten dei var ein del av, borte.

1.7.6. Klimaendringar

Ryfylkemuseet har på oppdrag av dei nasjonale museumsnettverka Byggnettverket og handverknett «Varmare, våtere, villare» om museas møte med klimautfordringane. Klimautfordringane vert samanfatta slik:

«Klimaendringane vil få alvorlege følgjer for bygningsvernet. Vi må vente auke i den biologiske nedbrytinga, dvs. vekst i mikroorganismar, planter og dyr som angrip kulturminne og fører til nedbryting og samanbrot. Sopp, mugg, bakteriar, lav, mose, algar, planter, insekt, fuglar, sjødyr, reptil og pattedyr vil alle få betre levekår i eit fuktigare og varmare klima. Vi kan forvente auke i den fysiske nedbrytinga som følge av stråling, varme, vatn, vind og luftureining. Frostspredding, saltkrystallisering og mekaniske skader er døme på skader som følge av auke i slik påverknad. Rust og annan korrosjon på konstruksjonar av metall følgjer av temperatur og fukt, men blir og influert av salt og forsurande ureining. Ei veksande utfordring er korroderande armeringsjern som ein finn i mange nyare museumsbygg. Ekstremvær fører til fleire tilfelle av brå skader. Vind, nedbør og stormflo er døme på årsaker til brå skader som følge av store belastingar på bygningar, flaum og sterkt nedfukting. Vi har og sett døme på at lange tørkeperiodar i kombinasjon med sterkt vind kan få fatale konsekvensar om det oppstår brann. Endeleg fører klimaendringane til lengre vekstsesong og aukande problem med attgroing og endra kulturlandskap.» Mykje av dette er grunnleggjande utfordringar i kulturminneforvaltinga som blir forsterka av endra klima.

1.7.7. Tilgroing og endra landskapsbruk

Kulturlandskap er eit produkt av ei type landbruksdrift. Verneverdige landskaps-typar som hagemark, styvingsskog m.v. er t.d. avhengig av jamt beitettrykk og aktiv styving. Dagens meir effektive landbruksdrift resulterer i eit anna landskap, medan landbruksområde som går ut av drift vil gro att. Gamle husmannsplass blir omgjort til hyttefelt eller planta granskog. Å oppretthalda gamle landskapstypar er arbeids- og ressurskrevjande, difor vil det oftast bare vera mindre område dette kan skje på.



*Kulturmark blir tilplanta
med gran. Hebnes.*

1.8. Aktørar, støtteordningar og virkemiddel

Mange aktørar er aktive i forvalting og formidling av kulturminne, frå statlege organ til ideelle organisasjonar. Nokre aktørar rår over legale virkemiddel som freding, vern og spesialregulering for å sikra kulturminna. Mange aktørar disponerer midlar ein kan søka støtte frå til kulturminnefaglege føremål.

Dei juridiske virkemidla (lovverk m.v.) er tekne inn som vedlegg bak i heftet

1.8.1. Riksantikvaren

Riksantikvaren er øvste myndighet for kulturminnevern i Norge, med det overordna faglege ansvar for fylkeskommune, kommune og forvaltingsmuseer. Riksantikvaren kan vedta freding av kulturhistoriske objekt, og kan leggja ned motsegn mot utbygging og liknande som kjem i konflikt med kulturminne. Riksantikvarens kulturminnepris blir kvart år gitt til personar, lag eller andre som har gjort ein særleg innsats for bevaring/restaurering/informasjon/vedlikehald av kulturminne. Riksantikvaren har ansvaret for nettstaden Askeladden som er ei kartteneste der kulturminne er kartfesta og beskrivne (ikkje SEFRAK-bygningar); likeeins Kulturminnesøk der ein også kan legga inn eigne bilde av kulturminne i sitt område.

<https://www.riksantikvaren.no/>
<https://askeladden.ra.no>
<https://kulturminnesok.no/>

1.8.2. Fylkesmannen i Rogaland

Miljøvernavdelinga/Landbruksavdelinga uttalar seg til og har motsegnsmynne i plansaker som t.d. berører verneverdige kulturlandskap.

Fylkesmannen forvaltar ”Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket” (SMIL-midlar). Men det er kommunane som handsamar søknadene etter eigne strategiar og satsar, og løyver midlar etter tildelt årleg pott. Føremålet med ordninga er å ivareta natur- og kulturminneverdiane i landbrukets kulturlandskap, og tilskotet skal gjevast til tiltak som går ut over det som kan forventast som ein del av den vanlege drifta av ein landbrukseigedom:

- betra tilkomst og landskapsopplevelingar
- ta vare på og utvikla eit rikt dyre- og planteliv (biologisk mangfald)
- halda gamal kulturmark i hevd

- ta vare på og bruk kulturminne, herunder freda og verneverdige bygningar

Det er eit krav at tiltaket er knytt til ein landbrukseigedom. Tilskotssatsen for istrondsetjing av bygningar har normalt vore 35 % av godkjent kostnad, 50 % for tiltak innafor fylka sine registreringar over verdifulle kulturlandskap. For tiltak for å fremja tilkomst, landskapsopplevelingar, biologisk mangfald, gammal kulturmark har satsen normalt vore 50 % av godkjent kostnad.

<https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Tilskot-til-miljotiltak/>

1.8.3. Arkeologisk Museum Stavanger (AmS) og Stavanger maritime museum

AmS vart etablert i 1975 og er sidan 2009 ein del av Universitetet i Stavanger. Det har ansvar for innsamling, konservering og bevaring av funn frå førreformatorkrigstid (før 1537) med tilhøyrande dokumentasjon frå Rogaland. Museet gjennomfører m.a. arkeologiske undersøkingar/utgravingar i samband med planlagde utbyggingsprosjekt, gjennom bestillingar frå Fylkeskommunen. AmS utfører og ei viktig informasjonsoppgåve gjennom m.a. utstillingar og publikasjonar.

<https://am.uis.no/>
<http://stavangermaritimemuseum.no/>

Stavanger maritime museum har ansvar for marinarkeologi og har her tilsvarande mynde som fylkeskommunen.

1.8.4. Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)

er eit nasjonalt og internasjonalt kompetansesenter innan kulturminneforskning og har ansvar for arkeologiske undersøkingar av kulturminner frå middelalder, t.d. kyrkjer og borgar.

For nærmere opplysninger og
søknadsskjema, sjå:
<http://www.rogfk.no/>
Tilskudd-og-oekonomisk-
støtte

1.8.5. Rogaland Fylkeskommune

Fylkeskommunen har det regionale ansvaret for forvalting av kulturminne, m.a. gjennom uttaler og motsegnsmynne til søknadspliktige tiltak og kommunale arealplanar. Dei er fagleg medspelar innan kulturminnevern og har ei rekke støtteordningar:

- Støtte til fartøyvern – for å sikra eit representativt utval eldre fartøy
- Tilskot til freda bygg og anlegg – for å dekka meirkostnader til vedlikehald som skuldast vilkår settet av myndighetene
- Tilskot til verneverdige bygg og anlegg – for å bidra til bevaring av bygg og anlegg av særleg kultur/arkitekturhistorisk lokal og regional verdi
- Kulturminnefondet – statleg tilskotsordning for private eigarar av verneverdige kulturminne/-miljø

1.8.6. Ryfylkemuseet



*Frivillige organisasjoner
gjer ein viktig jobb med m.a.
informasjon om kultur-
minne. Her frå ein tur i regi
av Suldal Sogelag, der Olav
Veka fortel om den såkalla
"Trettefårå" i Eidsliane.*

Regionalt kulturhistorisk museum for Ryfylke, stifta 1981, med hovudsete på Sand. Kan bidra med rådgjeving innan kulturminnevern. Særleg kompetanse på bygningsvern, handlingsboren kunnskap innan bygg, og dokumentasjon av verneverdige bygningsobjekt. Tar også imot gjenstandar, samlingar og privatarkiv for framtidig trygg oppbevaring. Eig/forvaltar viktige kulturminne som Kolbeinstveit, Litunet, Røynevarden, «Brødrene af Sand» m.v. Gir ut årssheftet «Folk i Ryfylke» med mykje kulturhistorisk informasjon. Utarbeider bygdebøker på oppdrag av Suldal kommune.

1.8.7. Suldal kommune

Kommunen behandler alle søknader om nybygg, riving, tiltak i terrenget m.v., og skal sjå til at desse ikkje kjem i konflikt med viktige kulturhistoriske interesser. Gjennom kommuneplan og detaljplanar (reguleringsplanar) kan ein leggja område ut til bevaring for kulturminneføremål. Døme på dette er Kilen på Nesflaten, Nordenden på Sand og Noresjøen/Bjergsted på Jelsa. Desse områda kvalifiserer for støtte til verneverdige bygg og anlegg frå Fylkeskommunen (sjå ovanfor). Kommunen har eit særleg ansvar for informasjon og rettleiing om kulturminne og oppmoda til bevaring av desse.

Kommunen forvaltar SMIL-midlar (sjå under Fylkesmannen). Suldal har dessutan eigne kulturvern-midlar – ein årleg pott (kr 180.000 i 2017) som vert delt ut etter søknad. Kulturminneplanen gir føringar om korleis søknadane skal prioriterast. Midlane har i stor grad vore nytta i samband med restaurering av bygningar, men andre kulturvernprosjekt har også fått støtte.

Kommunen har innstifta eigen byggeskikkpris – den kan delast ut i tre kategoriar: nybygg; restaurering/rehabilitering; anlegg og tiltak i terrenget (sjå ramtekst).

<https://fortidsminneforeningen.no/avdelinger/ryfylke>
Lenke til søknadsskjema:
https://fortidsminneforeningen.no/images/KulturminnerForAlle/1.03.2017_S%C3%B8knadsskjema2_veileding.pdf

<http://www.kulturarv.no/>

1.8.8. Frivillige organisasjoner

Fortidsminneforeningen (Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring) Dette er Europas eldste aktive foreining for kulturvern. Det er eit eige lokallag i Ryfylke.

Under mottoet «Kulturminner for alle» kan foreninga gi tilskot til istandsetting og tradisjonshandverk (søknadsfridt 1. mars).

Stiftelsen Norsk Kulturarv

Interesseorganisasjon for eigarar og brukarar av freda kulturminne.

Forbundet Kysten

Interesseorganisasjon for kulturminnevern knytt til fartøyvern og kystkultur, men 10500 medlemmer fordelt på 125 lokale kystlag.

<http://www.kysten.no/>

Venneforeninga for «Brødrene af Sand»

Står for drift og vedlikehald av jekta som Ryfylkemuseet eig.

<https://www.facebook.com/groups/53249403815/>

Norsk forening for fartøyvern

Over 100 fartøy er med i foreningen, herav 24 i Rogaland. Ingen frå Suldal.

<http://norsk-fartoyvern.no/>

Landslaget for lokalhistorie

Paraplyorganisasjon for over 400 historielag. I Suldal: **Suldal Sogelag**
Sogelaget driv m.a. ei aktiv innsamling/skanning av eldre bilde frå Suldal. Dei har også engasjert seg i restaurering og informasjon om ein skilde kulturminne, t.d. Nybrua i Ulladalen, drikkekar langs Rv13, og drikkeplassen Fjellkaggen nær Mostvatnet. Mykje kulturhistorisk stoff blir publisert i årsskriftet «Gamalt frå Suldal» og gjennom ulike bokprosjekt og føredrag/turar.

<https://www.facebook.com/groups/1015347988501810/>
<http://suldal-sogelag.no/>

Kulturvernets fellesorganisasjon KORG

Paraplyorganisasjon for 24 (2016) organisasjonar innan kulturvern, kulturminneværn og historie.

<http://kulturvern.no/>

Byggeskikkprisen i Suldal 1988 - 2017

(Inntil 3 priser, N=nybygg; R=rehabilitering; T=terrenginngrep/anlegg; frå 2006)

- | | |
|--|--|
| 2017 Brit Hanssen (N)(hytte Skutestølen), Jo-Inge Fisketjøn (R)(rehab. Osen 16) | stiftinga (R)(Fargeriet) (SP ¼ 2006: for perioden 2003-5) |
| 2016 Gunnhild Moe, Olav Lindseth, Energihotellet (N) | 2005 Inga utdeling |
| 2015 Bonolo Rampophane-Aandal og Hans Åge Aandahl (N)(bustadhus); Stavanger Turistforening (Jonsstøl)(N); Tonje Schmidt og Karl Ohm (R)(tun Døsja) | 2004 Inga utdeling |
| 2014 Helge og Eldbjørg Hebnes (N) (bustadhus); Stein Olav Fattnes og Ingvild Hovind (R)(bustadhus) | 2003 Rogaland Fylkeskommune (tilbygg Sauda VGS Sand) |
| 2013 Marit Marvik og Dagfinn Helland (R)(bustadhus); Peter Johannessen (N) (hytte Vatlandsvåg) | 2002 Stavanger Turistforening (Bleskestadmoen) |
| 2012 Eli Marvik (R)(Lykkja, Ulladalen); Statens Vegvesen (Rv13 Erfjord) (T) | 2001 Lingvongs Venner (Lingvong restaurering) |
| 2011 Inga utdeling | 1999 Lars Vasshus (restaurering tun) |
| 2010 Inga utdeling | 1998 Gerd og Sigurd Søndenå (sauehus Jelsa) |
| 2009 Jan Erik Kalstveit (R)(bustadhus) | 1997 Svanhild Løge Skålheim og Einar Skålheim (bustadhus) |
| 2008 Inga utdeling, jfr. SP 15/11 2008 | 1995 Torleif Erfjord (bustadhus) |
| 2007 Sylvi og Lars Olav Fatland (N) (våningshus); Gunnar Lunde (R) (Haugastøl); Alsaker Fjordbruk (T)(kaianlegg Borgaliflåta) | 1994 Anbjørn Vaage (tak over bensinpumper) |
| 2006 Helge Husevåg (T)(veg Litlevik); Marit Fremmersvik Lie og Øystein Lie (N) (hytte Vatlandsvåg); Hiimsmoen- | 1993 Cecilie Jelsa (Sandal Magna) |
| | 1991 Torbjørg Eide og Ola Foldøy (bustadhus) |
| | 1990 Else og Per Fremmersvik (bustadhus); Torunn og Sveinung Havrevoll (bustadhus) |
| | 1989 Inga utdeling |
| | 1988 Teknisk Etat, Suldal kommune (Huset Vårt) (utdelt for 1988) |



Stavanger Turistforening fekk byggeskikkprisen i 2002 for nybygg og restaureringsarbeid på Bleskestadmoen.



Hytte i Vatlandsvåg, teikna av Suldals-arkitekten Per Fremmersvik, fekk byggeskikkpris i 2006.

Eigarar av kulturminne

Eigaren av fysiske kulturminne er den viktigaste aktøren i vern og forvalting av desse. Sjølv om eit verneverdig objekt er freda, verna i reguleringsplan eller på annan måte, vil det stå og falla på eigaren korvidt objektet blir bevart for ettertida. Mange eigarar har interesse for eigne kulturminne, og ved hjelp av informasjon og økonomisk støtte frå det offentlege ligg det då til rette for ei god forvalting. Er ein eigar uinteressert, eller har tankar om anna utnytting av det aktuelle arealet, kan resultatet vera at kulturminnet står og forfell utan at ein har særlege virkemiddel for å hindra dette. God informasjon om verdien av kulturminna er difor eit viktig utgangspunkt. Kommunen har eit stort ansvar her, og kommunen må også vera eit godt førebilde når det gjeld forvalting av kulturminne i kommunalt eige.

Eldsjeler



Ernst Berge Drange - formidlar av kulturhistoria via bygdebøker, føredrag, artiklar og turar, som her med Suldal sogelag til fjellgarden Lingvong.

Arbeidet til særleg interesserte einskildpersonar kan bety mykje for den lokale interessa for kulturminne. I Suldal kan mellom mange nemnast Johan Veka med sine bøker og kåseri, og i nyare tid Ernst Berge Drange sitt monumentale bygdebok-prosjekt. Mange privatpersonar brukar mykje tid på innsamling, dokumentasjon og formidling av kulturhistorisk stoff. Vidare har me alle dei som har tatt vare på små og store samlingar av ulike gjenstandar m.v., og venneforeningar som tar vare på og brukar gamle fartøy som t.d. venneforeninga for “Brødrene af Sand”, eller bygningar som “Lingvongs venner”.

Utan eldsjelene i venneforeninga for “Brødrene af Sand”, ville det vore vanskeleg å koma seg på fjorden med skuta. Her frå ein tur på Hylsfjorden i regi av Suldal Sogelag.





Kulturhistorisk oversyn

2. Kulturhistorisk oversyn

Kulturminne og kulturarv omfattar eigentleg alle synlege og immaterielle spor etter menneskeleg verksemd til alle tider. Det er difor uråd å gi eit fullstendig oversyn her. Me har lagt størst vekt på det som er mest relevant for Suldal kommune som aktør i forvaltinga av kulturminna.



Bilde og gode teikningar kan vera fin dokumentasjon på korleis bygninga såg ut før. Teikning frå Hjorteland 1944 av Alf Næsheim.

Registrering og dokumentasjon

Kulturminna er registrerte i løpet av fleire hundreår. Dei arkeologiske minna frå førhistorisk og førreformatorisk tid har ein godt oversyn over, sjølv om det sjølvsagt er mengder som ikkje er oppdaga enno, og som gjerne blir kjende først når eit område skal klargjerast for utbygging.

Bygningsmassen er også godt registrert, særleg gjennom SEFRAK-registeret (sjå eige avsnitt). Kulturlandskap er først dei siste tiåra blitt meir systematisk registrerte og verdsette.

Registrering og dokumentering av kulturminne er særstakt viktig, ikkje minst av di ein ikkje kan ta vare på alle. Dette kan skje m.a. ved systematisk fotografering og oppmåling. Slik dokumentasjon vil også vera verdfullt ved eventuell seinare restaurering/tilbakeføring. I Suldal er det nærliggjande at Ryfylkemuseet er den instansen som kan stå for slikt arbeid. Samlingar av eldre bilde vil også kunna nyttast som dokumentasjon.



Kopi av torshammar frå vikingtid funne i Bråvæit i 1854. Originalen er i Universitetets oldsakssamling i Oslo. Funn av gjenstandar utan tilknyting til t.d. gravrøys vert gjerne kalla lausfunn.

2.1. Fornminne

Kulturminne frå før reformasjonen (1537) vert gjerne omtala som fornminne eller automatisk freda kulturminne. Dei har eit automatisk vern i medhald av Kulturminnelova, og kan delast inn i faste fornminne og "lause" gjenstandar.

I Suldal er det førebels kartfesta om lag 560 faste fornminne. Me reknar med at det er mange fleire som ennå ikkje er registrerte. I fjellet vart mange fornminne regis-

Fornminne på internett

Alle kjende faste fornminne er å finna på kartverket til temakart Rogaland:
<https://www.temakart-rogaland.no/>

Eit oversyn over viktige fornminne finn me på Wikipedia:
https://no.wikipedia.org/wiki/Liste_over_kulturminner_i_Suldal

Riksantikvaren har lagt ut mange bilde her:
<https://kulturminnebilder.ra.no/fotoweb/>

På internett kan ein lett finna informasjon om registrerte fornminne og andre kulturminne på nettstaden kulturminnesøk: <https://kulturminnesok.no/>

I dei arkeologiske og historiske musea er det mange gjenstandar frå Suldal.
Eit oversyn finn du her:


<http://www.unimus.no/arkeologi/forskning/index.php>
Arkeologisk museum Stavanger: 1350 gjenstandar

Universitetsmusea (Bergen): 50 gjenstandar

Kulturhistorisk museum, Oslo: 178 gjenstandar

NTNU, Trondheim: 1 gjenstand

Totalt 1579 gjenstandar er registrert på Suldal kommune.



Utbreiling av faste fornminne i Suldal (Riksantikvaren).

trerte i samband med særskilte undersøkingar før Ulla-Førre-utbygginga.

Ved utarbeiding av reguleringsplanar eller andre arealplanar, blir tilhøvet til freda fornminne avklara. I mange tilfelle må aktuelle utbyggingsområde undersøkast av arkeologar for å finna moglege fornminne. Oftast blir desse avsette til spesialområde for bevaring med passeg bufferson. I nokre tilfelle kan fornminna bli frigjevne for utbygging, då utbyggingsinteressene kan vera viktigare enn einskilde fornminne.

Tre fornminne i Suldal er utstyrte med informasjonsskilt frå Arkeologisk Museum Stavanger:

- Gravhaugane frå folkevandringstid på Ritland
- Steinaderbuplassen ved Mosvatnet
- Gravhaugane på Hebnes

I tillegg er det laga ei lita utstilling i Kulturhuset om funna på Kulturhus-tomta.


Det utvalet av automatisk freda kulturminna som er nemnt under er døme som er representative og særmerkte for Suldal.

2.1.1. Steinader, frå istid til 1.800 f. Kr.

Dei eldste spora ein kjenner til etter menneske i Suldal er ei såkalla Nøstvedt-øks frå Kjølvik frå eldre steinalder. Men fleire av dei kjende steinalderbuplassane ligg høgt til fjells, som hidleren ved Finnabuvatnet nord for Nes, 900 m.o.h. Funn i det 60 cm tjukke kulturlaget viser at det budde folk her i 1000 år.

Frå skiftet mellom eldre og yngre steinalder har ein økser frå Finnvik, Kjølvik, Ritland, Hiim og Høyvik. Dei andre funna skriv seg frå yngre periodar av steinbrukande tid.

Funna ligg langs kysten og opp langs vassdraga. Mest interessant er Kjølvik der ein ser ut til å ha funn frå alle steinbrukande periodar. Ein trur og at Ritland – Mo –



Arkeologisk museum i Stavanger ga i 1986 ut dette temaheftet om Suldal. Her er m.a. ei kortfatta innføring i fornminna i kommunen.



Dyregrav (over) og bogastille i Dyraheio.



Gravrøys frå jernalder på Varnes, eit område med fleire tilsvarannde fornminne som er med på å prega det opne landskapet.

området kan ha hatt viktig busetnad i seinneolittisk tid (2300-1700 f.Kr.). Også frå fjellet i stølsområda er det spor etter steinbrukande folk, eksempel på det er steinalderbuplassen ved Mosvatnet.

Dyregraver

Ei dyregrav er ei fallgrav (om lag 2 m lang, 2 m djup og 0,7 m brei) som var dekka med kvist og mose og plassert der reinen hadde trekkveg. Gravene var murte opp av Stein eller dei var laga som ei jorddrop. Leidegjerde vart sett opp for å føre dyra mot dyregravene. Dei kunne vere lagt opp av Stein eller det var trekonstruksjon. Som regel gjekk gjerda diagonalt ut frå hjørna på dyregravene. Der det var fleire dyregraver var desse bundne saman med eit leidegjerde. I Suldal (Setesdal vesthei) er det 16 sikre funn av dyregraver. Me finn dyregraver ved Holmavatnet, ved Gravetjørn, Nøvletjørn, Skreivatnet, Hellevatnet og i Bågastillia.

Bogastille er ein oppbygd (eller utgravd) skjulestad for jegeren med pil og bøge eller spyd. Bogastillet låg tett attmed trekkvegen til reinen, berre 2-12 meter unna. Eit særskilt fint bogastille finn me ved Heiavatnet sørvest for Sandsa.

2.1.2. Bronsealderen, frå 1.800 - 500 f. Kr.

Busetnaden i bronsealderen veit me lite om, frå denne tida har ein berre to sikre funn, begge frå siste del av perioden. Desse er eit bronsesverd som vart funne i ei ur i Vanvik og ei krukke med brende bein frå den store gravhaugen i tunet på Hebnes.

Elles kjenner ein fleire helleristningsfelt med skålgroper/offergroper. Skålgropene er små, runde groper som er hogde ut i fast fjell eller i steinblokker. Dei høyrer til gruppene helleristningar og er tradisjonelt kalla bronsealderristninger sjølv om ein meiner at ein del av førekostane er noko yngre.

Plasseringane av skålgropene er knytt til jordbruksområde eller stølvoll og beitemark i utmarka. Desse ristningane er tolka som kultus knytt til grøderikdom, og ein trur at det må ha vore fast busetnad når desse skålgropene var i bruk. Me har slike funn på Flåtene og på Asheim på Jelsa, og på Løland.



Bygdeborgene på Tjøstheim og Rosseid er forsvarsanlegg frå ufredstider under bronsealderen.

Bautasteinar er og frå denne tidsepoken, eit fint døme finn me på Fuglasteinryggen.

2.1.3. Jernalderen, frå 500 f. Kr. til 800 e. Kr.

Tyngdepunktet i busetnaden i jernalderen finn me i fjord- og dalmunningane og i sjølve Suldal. I dei ytre delane har ein dei fleste busetningsspora på Hebnes, Jelsa, Fuglestein, Erøy og Foldøy, dessutan i stroket mellom Vatlandsvåg, Marvik og Rosseid, i dei indre stroka Fattnes og Suldalsdalføret. Busetnaden i sjølve Suldal opp til vatnet går attende til nedre jernalder. Ved Suldalsvatnet er busetnaden størst i dalane som munnar ut her, den er yngre enn i dalen og skriv seg stort sett frå yngre jernalder. På Sand er det gjort interessante funn av hustufter m.v. frå fleire tidsepokar, opptil 1500 år gamle.

Det er i jernalderen at gardssamfunna veks fram. Frå hundreåra etter Kristi fødsel, eldre jarnalder (romertida), finst det mange spor i kommunen. Gravhaugane og gravrøysene me ser er i hovudsak frå dette tusenåret før kristen tid i Norge. Dei døde vart lagt i gravhaugar attmed garden slik at dei kunne "sjå heim att". Dei gardane som har ein gravhaug på eigedomen sin, kan difor med ganske stor sikkerheit seia at det har vore gardsdrift der sidan jernalderen.

Gåvene dei fekk med seg i grava fortel om kva for status dei hadde, om rikdom og om det var kar eller kvinnfolk. Døme på gravgåver som er funne i Suldal er m.a. smykke som spenner og halskjede i bronse eller sølv og med perler lagd av glas og rav, krukker av leire og nøklar, knivar og våpen i jern. Det er også funne romerske sòlvmyntar. Mønster og utsjånad på funna tyder på ein god kommunikasjon med resten av Europa.

Kolmiler og jernvinner er det gjort ulike registreringar av, f.eks. i utmarka til gardane Berge og Tjørdalen.



Beltspenne frå yngre jernalder/vikingtid, funne på Bjørkenes i Hamrabø 1953. Nå på Arkeologisk museum Stavanger, gjenstandnummer S7975.



Hidler ved Tandraneset, Barkeland. Den er ikke sikkert datert til anna enn førreformatorisk tid. I kulturminnesøk finn me følgande skildring: "Hidler. Vestvendt heller; ca. 5 m br., 3,8 m dyp, største høyde under dråpefallet er ca. 4 m. Dannet av utoverhengende berg som går i retning NNV-SSØ. Gulvet er relativt jevnt, men fra dråpefallet og utover skrår bakken nedover mot V og S. Utsikt over Jelsafjorden mot SV. To prøvestikk, hvorav ett med funn; fragment av brent bein. Undergrunnen var svært steinrik med lite løsmasser, noe som medførte at det var vanskelig å grave dyper enn 10-15 cm."

Gravhaugane på Ritland

Feltet er av dei mest kjende i fylket og står seg av 48 gravhaugar frå jernalderen, korav 47 er rundhaugar og ein er langhaug. Også nabogardane Vasshus, Galland, Nærheim, Herabakka og Førland har både gravhaugar og –røyser frå jernalderen. I haugar som er undersøkte eller på andre måtar opna er det gjort funn av knivblad, klinknaglar frå båt, jernsager, perler, snellehjul, leirkar o.a.

Gravhaugar/røyser på Hebnes

Neshaugane mot fjorden sør for tuna er dei mest framtredande; sju gravrøyser frå jern- og bronsealderen opp til 20 m vide og 3 m høge. Men elles er det haugar på både Varnes og Osmundsholmen, samt den store i tunet på Storstov. Sistnemnde er 30 m vid og 3 m høg, ein av dei største haugane i Ryfylke.

Eldre jernaldergard på Ritland

Gardsanlegg med tre hustufter som er del av eit ringforma tun. Det er berre sju slike anlegg i fylket.

Skavsteinshidleren, eit klebersteinbrot i Kjølvik/Grytemarka er tidfesta til jernalderen.

På **Kallhammaren**, Helland, er det på eit relativt lite område 13 gravhaugar og ein bautastein frå yngre jernalder.

2.1.4. Vikingtid og mellomalder, frå 800 til 1537 e. Kr.

Frå vikingtida er det sparsamt med funn i Suldal. På Fisketjøn vart det skildra 27 gravhaugar frå merovingar/vikingtid (yngre jernalder), av desse er tre att i dag. Frå mellomalderen har me detvida kjende Guggedalsloftet, der tømmeret i 2. høgda nå er datert til 1281. Dette er ein av Vestlandets eldste ikkje-kyrkjelege bygningar.

Kyrkjegardane på Jelsa, Sand og Vinjar (Suldalsosen) går tilbake til mellomalderen, det same gjer den høgtliggjande øydegarden Hovestølen, Vetrhus i Bråteit. Å døma etter dei skriftlege kjeldene er dei fleste matrikkelgardane i kommunen busett seinast i mellomalderen.



Frå Hovestølen, Vetrhus der det var gardsdrift i mellomalderen.



Gravfelt fra jernalder på Fuglastein

På toppen av den mektige Fuglastein-morenen er eit gravfelt frå jernalder. Det er grundig beskrive i kulturminnesøk, her er hovudteksten:

“Feltet består av minst 6 gravrøyser og 2 bautasteiner. 1. Lengst i S. Rundrøys kalt Ørnahauen. Klart markert, godt synlig, gresskledd med enkelte synlige steiner. Oppstående jordfast Stein i S. Den har et utgravet krater i midten. D. ca. 7m, h. ca. 1m. 2. Ca. 45m NNØ for 1. Rundrøys. Nærmeest oval av form, orientert NØ-SV. Uklart markert og godt synlig. Gresskledd en del synlige stein. To store jordfaste i midten. Mye utgravet i midten. NV del dyrket bort. En hel masse må være fjernet. L. ca. 8m, br. ca. 6m, h. opp til 1m, men jevnt over ca. 0,5m, bunnlag. 3. Ca. 45m NNØ for 2. Rundrøys. Delvis klart markert godt synlig. Gresskledd med enkelte synlige steiner. Også bevokst med en del bjørk. Noe utgravet i midten. NNØ for røysen er det tatt en del grus. Den ligger på en morenetrapp og virker derfor høyere enn den egentlig er. D. ca. 12m, h. ca. 2m. 4. Ca. 20m N for 3. Rundrøys. Uklart markert. Røysa er mye skadet i SSA del, nylig har en tatt grus fra SV inn mot røysa, fra NNA blir det også gravet inn mot 3. Godt synlig. Gresskledd med få synlige steiner. Det vokser en del bjørk rundt den. El. stolpe i S del. Det er tatt en god del gurs i SØ og SV, og noe av røysen er rast ut mot SØ. Den er også litt utgravet i N, i toppen søkk etter eldre graving. Denne ligger også på en morenetrapp. D. 12m, h. 2,2m. Ca. 10m N for 4, står en stor spiss jordfast steinblokk kalt Fuglesteinen. Den heller litt mot V. Den er avflatet på V siden, ellers avrundet. På toppen står en værhane. Br. i bunnen ca. 4m, i toppen ca. 1,5, h. 4m. 5. Ca. 60m N for 4. Rundrøys. Uklart markert, tildels godt synlig. Gresskledd med enkelte synlige steiner. Litt utgravet mot S? Dyrket på Veiden Steingard. Over orientert ca. N-S. D. ca. 8m, h. ca. 1m. Ca. 10m N for 5 står 2 bautasteiner på en lav forhøyning som muligens er en gravrøys. De står ca. 2m fra hverandre og er naturdannet. Begge med hver topp. Den største heller ca. 5 C svakt mot SV. Orientert N-S. Den har nokså jevnt tykkelse og bredde over det hele. Tversnittet er rombeformet. Den er kalt Kjempesvang. H. over bakken 2,1m, br. 35cm, tykkelse 20cm. Den andre bautasteinen heller ca. 50g mot SSV. Orientert N-S. Den har jevn bredde, men tykkelsen avtar mot toppen. H. over bakken 1,35m, br. 35cm. Tykkelse ved rotten 23cm, i toppen 10cm. 6. Ca. 25m N for 5. Rundrøys. Tildels klart markert godt synlig. Gresskledd med noen synlige steiner. Et dypt utgravet krater i midten. Steingard over toppen. Orientert N-S. Dyrket i V del. En stor Stein stikker fram i ØSØ kant. D. ca. 12m, h. ca. 12m. V halvdel av røys 5 og 6 ligger på Trygve Wigstrand, resten på Oliver Landsnes. Bautasteinene står i skiftegarden. 7. Ca. 17m S for 6 og kant i kant med 4. Muligens rundhaug med d. 8-10m, h. opp til 0,7m inkl. m. l. synl. Gr. kl. få synlig Stein. Dyrka V halvdel.”

To av gravhaugane på Fuglastein. Under: Skjermbilde av oppslaget på kulturminnesøk for dette fornminnet.

Link til dette objektet i kulturminnesøk:

<https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=https%3A%2F%2Fdata.kulturminne.no%2Faskeladden%2Flokaltet%2F15223>



Guggedalsloftet - Suldals best kjende kulturminne?

Tømmeret i andre høgda av Guggedalsloftet er gjennom studiar av årringane datert til 1281, noko som gjer denne bygningen til ein av dei eldste ikkje-kyrkjelege på Vestlandet. Loftet sto opphavleg i tunet på Guggedal i Bråteit og vart i det daglege bare kalla "stabuo".

Loftet vart freda i 1925 og i 1934 vart det sold til Rogaland Folkemuseum og flytta til Mostun like ved Mosvatnet i Stavanger. Men det fuktige klimaet der og andre tilhøve gjorde at det vart flytt til si nåverande plassering på Kolbeinstveit i 1957. Her er det hovudattraksjonen i Ryfylkemuseet sitt bygdetun. På Digitalt Museum finn du ein video om loftet.

<https://digitalmuseum.no/011085441918/guggedalsloftet-ei-museumssoge>


Bilde, ovanfrå:

Loftet slik det sto i tunet på Guggedal. Kolbein Bakka i framgrunnen.

Loftet plassert på Mostun i Stavanger.

Detalj frå andre høgda av loftet med dei karakteristiske beitskiene

*Les meir:
Gamalt frå Suldal 1, 1999.
Folk i Ryfylke 2004.*







Guggedalsloftet ligg lett tilgjengeleg like ved Rv13 i museumstunet på Kolbeinstveit. Her frå eit arrangement i 2005.


Undet t.h. Guggedalsloftet på 1990-talet.

Teikningar frå "Folk i Ryfylke" 2004, temanummer om Kolbeinstveit.



2.2. Bygningsmiljø, bygg og anlegg

Kulturminnevern handlar ofte om vern av bygningar og anlegg, og ikkje utan grunn. Dette er store, synlege og viktige minne etter gammal tid, som folk har eit nært tilhøve til.



Omslag og tekstsida frå "By og bygd i Stavanger amt" med bilde av "Suldalsstue" frå Nesflaten.

«Den ældste og mest primitive bygningsskik i Stavanger amt forekommer som rimelig kan være i den avsides liggende Suldal. Her finnes gaardsanlæg, som peker tilbake til middelaldersk skik, her forekommer ogsaa de ældste hus.»

Dette skreiv professor J.Z.M. Kielland i boka «By og bygd i Stavanger amt» med bilde av A.B. Wilse, frå 1915. Byggeskikken i Suldal har ein framtredande plass i dette klassiske verket. Sjølv om mykje er blitt borte i dei hundre åra som er gått sidan boka kom ut, er det framleis mykje å ta vare på i vår kommune.

Omtalen her bygger i stor grad på registreringar og verdisettingar som vart gjort i samband med SEFRAK-registreringa i Suldal i perioden 1979-1992. Rapporten «Verneverdige hus i Suldal» vart utarbeidd av Anne Margrethe Myhre ved Kon-Sul as i samarbeid med Ryfylkemuseet, som står fagleg ansvarleg for rapporten frå 1996. SEFRAK er ei forkorting for «Sekretariat for faste kulturminne» som vart oppretta av Norsk Kulturråd i 1973. Registreringa omfattar faste kulturminne, i praksis hus, frå tidsrommet etter 1536. Det vart registrert 1529 objekt i Suldal. 1501 av desse vart inndelte i tre ulike vernekategoriar:

- A: Fredingsverdig etter Lov om kulturminne. 69 objekt.
- B: Bevaringsverdig etter Plan og bygningslova. 785 objekt.
- C: Ingen særskilte tiltak. 649 objekt.

Me syner til rapporten for eit fullstendig oversyn, og omtalar her eit utval viktige objekt, inndelt etter bygningstypar, med eit historisk oversyn.

Det må nemnast at det i dei fleste kommunar var Fylkeskommunen sine fagfolk som sto for registreringa, medan i vår kommune var det eigne registratorar som gjorde arbeidet. Rapporten slår fast at arbeidet er av ujamn kvalitet. Det er såleis gode argument for å få gjort ein ny gjennomgang av bygningsmassen for å få eit oppdatert SEKFRAK-register.



Idyll i Noresjøen på Jelsa. Dei fleste husa er nytta som feriebustader.

2.2.1. Heilskaplege tettstadsmiljø

Nokre område i kommunen inneheld mange interessante bygningar, vegar m.v. som til saman dannar særegne bygningsmiljø. I slike område vil det og inngå enkelte bygningar eller element som i seg sjølv ikkje er så interessante, men som utgjer ein viktig del av heilskapen.

- **Strandstadmiljøet på Sand**, der særleg Nordenden og Bakkadn merkar seg ut med mange eldre hus og -miljø. Deler har vern gjennom reguleringsplan.



Frå Nordenden på Sand.

- **Funksjonalistisk arkitektur på Kilen**. Under Røldal/Suldal-utbygginga på 1960-talet vart området Kilen ved Nesflaten gjennomregulert og oppbygd med kraftanlegg og bustadmiljø i funksjonalistisk stil utforma av den kjende arkitekten Geir Grung. Dette området har nå fått vern gjennom Plan- og bygningslova i reguleringsplan. Messebygget er omgjort til Energihotellet. Her har ein utvida bygningsmassen i same stil. Heile anlegget vart på 2000-talet kåra til eit av etterkrigstidas ti viktigaste arkitektoniske anlegg av Morgenbladet, og årleg kjem det mange arkitektur-interesserte for å oppleva bygningsmiljøet.

2.2.2. Karaktertrekk ved byggeskikken i Suldal

Dei indre bygdene på Vestlandet har mykje av den same byggeskikken som Austlandet. To hovudkonstruksjonar var vanleg i eldre tid: Tømra bygningar (laftverk) og grind- / stavkonstruksjon, og i tillegg bygging med stein. Laftverk vart truleg mest nytta ettersom det var tilgang på tømmer, og laftverket ga tjukke veggjar med god isolasjon. I Suldal snakka ein aldri om lafting, men om noving. Mykje tyder på at grindkonstruksjon er den aller eldste byggeskikken. Dette er ei form for stavkonstruksjon der ein set opp grinder på tvers av møneretningen. Grinda er samansett av to stavar som held beten (slindra) som er ein horisontal stolpe som er ført ned i toppen av stavane. Grindane vert bundne saman i bygget sin lengderetning av stavlegjene, som taksperra vert lagt an mot. Grindkonstruksjonen er meir materialsparande enn laftverk og vart noko nytta i delar av bygningar som svåler eller



Funksjonalistisk arkitektur på Kilen, Nesflaten.


SEFRAK-registreringar i Suldal

Karta er henta frå temakart-rogaland.no

Raud: kategori A. Fredingsverdig etter Lov om kulturminne.
69 objekt.



Orange: kategori B. Bevaringsverdig etter Plan og bygningslova. 785 objekt.

Grøn: kategori C. Ingen særskilte tiltak. 649 objekt.




Sand





Som oversynskartet viser, er SEFRAK-registrerte bygg spreidd over heile kommunen, mest i låglandet. Me har tatt med utsnitt av nokre område med høg tettleik av slike bygg.

Bruk temakart-rogaland.no til å zooma deg inn for å finna alle SEFRAK-bygga i kommunen.



SEFRAK-registreringane i Suldal er publisert i rapporten "Verneverdige hus i Suldal". Direkte lenke:

http://www.miljostatus-suldal.no/_f/p11/i79e8707c-157f-4e16-b67c-9b1c4b1211c7/verneverdige-hus-i-suldal-rapport-l463814.pdf

tilbygg. Utløer og låvebygningar er ofte i grindkonstruksjon og me finn framleis ei rikeleg mengd av desse i kommunen, særleg i Suldals-dalføret.

Det som fekk mest å sei for den allmenne byggeskikken i Suldal, som i resten av landet, var overgangen frå røykstover til hus med pipe. Nå kunne ein byggja hus med lem, eller to etasjar. Det var og samstundes at glaset kom i bruk til vindauge i vanlege hus. Fram til på 1800-talet var det mest vanleg å tekka taket med torv, med never under. Helletak av villheller fekk i hovudsak utbreiing der gardane sjølv hadde hellebrot, og dei er det ikkje mange av i Suldal. Bordtak har frå gammalt ganske sikkert blitt brukt, men det er lite att som kan fortelja om det. Teglpanner kom i bruk med teglverksindustrien på 1700-talet første halvdel av 1800-talet. Slik industri var det på Sand i over 100 år, og ”sandspanna” vert halden for å ha svært god kvalitet. Skifertak av klypt/hogd skifer vart ikkje tatt i bruk før på slutten av 1800-talet, og då importert frå Voss eller Hjelmeland. Bruk av skifer er helst knytt til sveitser- og jugendstilen. Bølgjeblekk vart importert til Norge frå 1890.

Fram til 1900-talet var husa stort sett umåla. Nokre stovehus kunne vere måla og fram til 1870-talet var fargane stort sett haldne i raudt, okergult eller i empiregrått som var mest vanleg på embetsmannsgardar.

Byggeskikk i Ryfylke var tema for Ryfylkemuseet si årbok «Folk i Ryfylke» i 2001, og boka er ei grei innføring til emnet.

2.2.3. Garden og gardshusa

Tunskipnad, heile garden

Folketalet byrja å ta seg opp frå 1600-talet etter å ha lege nede i 250 år, og i dei følgjande to hundreåra var folkeauken stor. Det vart større etterspurnad etter jorda og ei teigblanding vart viktig for at kvar eigar skulle ha ein part av ymse slags jord. Dette er kanskje viktigaste grunnen til at fleire gardsbruk vart lagt samla i klyngjetun eller rekkjetun. Stovehusa vart gjerne plassert samla inst i tunet og med uthusa ikring. Det var ikkje uvanleg at 4-5 gardbrukarar til saman hadde eit tun med 30-40 hus. Nattland var eit eksempel på klyngjetun før utskiftinga på 1870-talet. Det nærmaste me kjem klyngjetun i kommunen i dag må vera Gauttun, Hebnes og Løland. Noko rekkjetun er ikkje kjent i kommunen.

Mest kvar av dei viktigaste verksemndene på garden hadde eigne hus, og i tillegg hadde gjerne kvart dyreslag sitt hus. I tillegg kom utløer, sjøhus og stølshusa. Med utskiftinga i siste halvdel av 1800-talet fekk kvart gardsbruk sitt eige tun. Mot slutten av dette hundreåret vart det difor bygd mange nye hus.

Døme på representative og/eller særprega gardsmiljø i kommunen:


Litunet, gardsanlegg med tun etter mellomaldermønster. Nyleg overtatt av Suldal kommune og Rogaland Fylkeskommune. Ryfylkemuseet forvaltar tunet som ein turistattraksjon.

Mokleiv øvre, eit gardsbruk med sju hus som alle er sette i kl. B i Sefrak. Samlede hus er frå 1800-talet, og er haldne i sin opprinnelige form. Tunet er omgitt av eit historisk kulturlandskap og heile miljøet er svært autentisk. Istandsett etter eigar-skifte på 2000-talet.

Børkjenes. Dette er eit døme på ein gard som framleis har mange av småhusa intakte sjølv om dei fleste har mista sitt opphavlege føremål. I det særmerkte tunet



Suldal kommune ga i 1993 ut heftet ”Byggeskikk på Sand - rettleiing for huseigarar” som hjelp til huseigarar som ville restaurera husa sine.



Li-tunet er eit av dei mest særmerkte kulturminna i Suldal. Strukturen av tunet er middelaldersk. Husa er av varierande alder, nokre kanskje så gamle som frå 1600-talet.

Bildet over er frå 1946 og syner at gamle arbeidsmåtar framleis var i bruk.



og omgjevnadane er det 16 hus korav 3 er registrert i kl. A og 13 i kl. B. Mange av husa er svært gamle. For denne største av gardane i Hamrabøgrenda har heia vore ein viktig del av næringsgrunnlaget. Alle 24 hus i tun og utmark er istandsette.



Vasshus, storgard i Suldalsdalføret. 2007.

Jektevik, eit lite småbruk på Ropeidhalvøya der fiske har vore ein viktig del av næringsgrunnlaget. Tre hus på garden er alle sett i vernekl. B.

Foss. Gammalt tun i dalføret med særslig autentisk preg. Stovehus, løa, stabbur og eldhus. Ikkje i bruk og i forfall. Nyleg eigaskifte gir håp om at det kan bli tatt vare på.

Vasshus. Stor gard midt i dalføret med mange små og store hus, der nye bygningar har fått særslig god tilpassing i høve til dei gamle. Alle eldre hus nyleg restaurerte.

Hylen. Eit særprega tun i eit spesielt kulturlandskap med fleire bygningar frå 1800- og tidleg 1900-talet. Like ved ligg murane etter den store handelsverksemda på staden i siste del av 1800-talet. Fleire av gardshusa treng istandsetting.



Ytre Rødne, veglaus gard på Vindafjordsida av Ropeidhalvøya. 2016.

Indre Rødne, autentisk miljø med vånings- og folgehus, løa, naust, eldhus og kvernhus.

Andre:

- Brattland
- Klungtveit indre og ytre
- Ytre Rødne

Bustadhus, stovehus

Utviklinga av eldstaden står sentralt i endringa av bustadhusa opp gjennom tida. Dei to største endringane hadde ein frå open eld på åre til peis med pipe og vidare til jarnomnen.

Årestova er den eldste stova ein kjenner til, med ein open eldstad midt i rommet og med ljore (hol) i taket der røyken slapp ut. Denne stovetypen vart på Vestlandet skifta ut med røykommstova eller røykstova på 1600 og 1700-talet. Røykommene var mura opp inntil veggen, og det vart lagt tregolv. Røyken vart framleis trekt ut gjennom ei ljore i taket. Røykstova heldt seg i bruk på Vestlandet til fyrste delen av 1800-talet. I røykstovene kunne det vere halvlem eller hems over døra på gavlveggen. Hemsen vart nytta som soveplass for borna. Overgangen til peis og pipe kom først til indre strøk på slutten av 1700-talet. Pipa førte til eit viktig skilje i utviklinga av huset, ettersom ein no ikkje hadde røyken inne i stova og ein kunne leggje lem over heile rommet. Samstundes vart og glas meir vanleg. Dei første omnane var mura opp inne i gruva, før støypejarnsomnen kom på 1860-talet. Stovehuset fekk fleire rom med sin spesielle bruk, og det vart murt opp kjellarar.

På 1880-talet kom påverknadene frå sveitserstilen og dominerte byggjeskikken i ein del år framover. Husa fekk utoverhengande tak, ark med veranda og gjerne trapp opp frå hagen. Sperrer, åsender og bordkledning var profilert og det kom utskjeringar i mønene, rundt vindauge og dørene. Rundt hundreårsskiftet var jugendstilen i nokon grad utbreidd og eit karaktertrekk ved denne stilarten er mansardtak, dvs. tak som går mest loddrett nedover øvste del av veggene. Ut på 1920-talet kom reaksjonen på all den utanlandske påverknaden i byggjeskikk. Husa frå denne perioden har stilomtalen nyklassisme, der grunnplanet er kvadratisk, hus i ein og ei halv etasje, ark på framsida og bratte tak, gjerne med svai.



Børkjenes i Hamrabø er ein gard med 16 hus i tunet og 24 i utmarka. Bilda til venstre syner nokre av husa før restaureringarbeidet tok til på 2000-talet. Over ser me tunet slik det såg ut i 2012.



Dei små bilda syner frå venstre Borgabuhagen, Borgabuløo, Lialøo, Børkjenes-naustet, Borgabu-utløo, Børkjestølløo, Tuveløo, Børkjesølsbu, utefjos, kalvahuus, løo og reiskapshus.

Brodersen-huset på Jelsa. I bakgrunnen handelsstaden Bjergsted.



På slutten av mellomkrigstida tek reisverkshusa over etter tømmerhusa. Den nye retningen er funkisstil, som er karakterisert med det funksjonalistiske der ein har gått heilt bort frå utskjæringer og anna utsmykking av husa. Taket er gjerne heilvalma og vindua er tofags eller trefags utan sprosser.

Etter krigen er det mykje gjenreising og ein sterk utviklingsoptimisme. Det vart mogleg å få husbankfinansiering til bygginga og det vart bygd nøysame og enkle bygg. Husbankens typeteikningar vart nytta og me får små 1 ½ etg. hus med ein tilnærma kvadratisk form. Vindauga var oftast med to fag. Nye materiale som eter-nitt kom på denne tida. Husa vart gjerne mala i sterke fargar.

Døme på særmerkte og/eller representative stovehus/ bustadhus i kommunen:



Over: Restaurert våningshus fra 1600-talet på Ytre Bjørklund.

Under: Den vesle Karistova ved Osbakkjen på Sand, i vernekasse B og fint restaurert.



- **Bjørklund ytre**, Vernekl. A. Delar av huset (tømra i ei av stovene) er frå 1680-åra. Restaurert.

- **Karlahuset**, Nordenden, Sand. Huset er bygd i 1863, først i 1 ½ et. i 1870 påbygd til 2 fulle etasjar. Eit særmerkt ”byhus” og eit av strandstadens eldste. Omfattande restaurering er naudsynt, nå i fullt forfall.

- **Brodersenhuset**, Jelsa, frå 1786. Mange detaljar i rokokkostil.

- **Foss** gnr/bnr 1/5, vernekl. A. Eine stova er bygd i 1700. Restaurert sist i 1965 med nytt torvtak. Nå i forfall.

- **Økstra** gnr/bnr 144/1. Stort og særprega hus bygd i empirestil 1850, som eit vitnemål om solid velstand på ein av Ryfylkes største skogagardar. Tilsvarande er våningshuset med hage på Barkeland, huset oppført i 1790.

Andre våningshus som er sett i kl. A i Sefrak: ”Gamlenilsbu” på Havrevoll, Vikane under Havrevoll, Mokleiv øvre, Gauttun, Moatre på Nes, Kvednaflåto under Bråteit, Hoftun.

Løe, fjøs og stall

Tidlegare var det mest vanleg med eige hus til foret og eige hus til kvart av dyres-laga. Under påverknad av dei landbruksøkonomiske selskapa på 1850-talet vart det meir vanleg å ha fleire av desse romma samla under eit tak. Sjølve fjøset vart som regel lafta inni eit stavbygg som omfatta høystad mm. Døme på slike fjøsbygningar i kommunen er Overskeid og Indre Klungtveit.

FOS SHEIM

- HUSET, FAMILIEN OG ARKITEKTEN



LENSMANNSHUSET

Fossheim vart bygd i 1936-37 i samband med at Rasmus Rasmussen var blitt tilsett som lensmann i Sand. Her var då både kontor og arrest i tillegg til bustad-delen. Suldal kommune overtok huset i 1970. Det vart då nytt som bustad for distriktslegar fram til slutten

av 1980-talet. M.a. budde Børge og Anne Berit Skeie og Bjarne Bråtvit og Randi Kasin her. Etter det vart huset nytt som avlastningsbustad. Det vart då gjort ein del utbetringer og tilpassingar av huset. Frå 2017 har Fossheim fungert som turistinformasjon.

Fossheim ca 1938. Hellandsnuten bak.
Foto Arnt Baardsen (postkort)

ARKITEKT ARNSTEIN ARNEBERG



Arnstein Arneberg. Frå boka om arkitekten.

Arnstein Arneberg (1882 - 1961) er mellom dei fremste norske arkitektane i det 20. hundreåret. Mellom 1906 og 1961 teikna han ei rekke bygg korav nokre er gått inn i arkitekturhistoria. Mellom dei mest ikoniske er Oslo Rådhus (1916-18) og interiøret i FN's sikkerhetsråd (1950). Han teikna også mange kyrkjer og bustadhус. I Ryfylke har han teikna Sandsahytta og Verkshotellet på Jørpeland. Me kjenner att linjene

frå Fossheim i mange av dei bustadhusa Arneberg teikna på slutten av 1930-talet. Dei har trekk både frå nyklassisismen og funksjonalismen.

Livsverket til Arnstein Arneberg er grundig dokumentert i boka *Arnstein Arneberg - mennesket og arkitekten, byggverkene og byggherrene* (Morten Ole Mørch 2006), som du kan bla i her på huset.



Oslo Rådhus. Foto Alexander Ottesen/Wikimedia Commons.

Fossheim was built 1936-37 by police officer Rasmus Rasmussen (1903-79) and his wife Clara. The house included an office and a prison cell in the basement. The architect was Arnstein Arneberg (1882-1961), one of Norway's most famous in the early 1900's. Among his work is Oslo's Town Hall and the interior of UN's Security Council. Fossheim was bought by Suldal municipality in 1970 and it was first used as a doctor's home. It has housed the Tourist information office since 2017.

Lensmannsbustaden Fossheim på Sand har bare vernestatus C i Sefrak-registeret, men har likevel store historiske og arkitektoniske verdiar, noko som er teke omsyn til i reguleringsplanen for dette området. Dette er utdrag av ein informasjonsinstallasjon som er utstilt i bygget, der turistinformasjonen nå held til. Mange turistar er opptekne av arkitektoniske verdiar dei kan oppleve i Suldal.



Til høgre: Reinskvelven, støl i Guggedalsheia.

Over: I Kvanndalen vart det forsøkt med støling og osteproduksjon i stor stil, men prosjekten varte bare i få år.



I mange utløer er det skore inn namn og teikningar som kan fortelja om kva folk var opptekne av i tidlegare tider. Bilde frå Herabakkiane og Førlandsøyane.

Stabbur

Stabburet var fyrst og fremst eit matbur for korn, mjøl, flesk og flatbrød. Stabbene er anten hogde i tre eller det er steinstabber. Øvst er det ein krage for å hindre mus og rotter i å kome inn. Stabbura er som regel i ei høgde og tømra. Ikkje så mange er att i dag, men døme på gamle, fine stabbur i kommunen er stabburet på heimra Vetrhus, på Bakka i Kvilldal, og på Ilstad. 15 stabbur i kommunen er sett i kl. A i Sefrak, m.a. Havrevoll, Gauttun, Roalkvam (2), Vetrhus, Øystad, Bjerga og Foss.

Husmannsplass

I Suldal var det eit omfattande husmannsvesen, der talet på busette husmannsplass var særleg høgt på siste halvdel av 1800-talet. Forutan Røynevarden, som Ryfylke-museet tar seg av, er det nokre få husmannsplass att der bygningane er tekne vare på. Teien under Vetrhus har våning og løe intakt, der sistnemnde er ein særmerkt bygning i tømra. Det avgøynde Vikadn under Havrevoll var eit stort og godt husmannsplass, med alle hus i god stand den dag i dag. Løkkja under Holmen i Ulladalen (folgeplass) har samanbygd stove og fjos.

Utløer

Dei fleste gardane kunne ha mange utløer som var sette opp der slåtteteigen låg. Slåtteteigane kunne ligge uvegsomt til i fjellet og i dalsidene ettersom det vart slege gras alle moglege og "umoglege" stader. Løypestreng vart difor ein del nytt for å få foret heim, men i hovudsak vart graset frakta til gards vinterstid på hest og slede. Utløene vert ikkje lenger nytta slik som tidlegare, men dei står framleis mange stader i kommunen og fortel om tidlegare driftsformer. Svært mange har blitt restaurert dei siste åra. Fleire stader som t. d. i Hamrabøhea utgjer utløene ein viktig del av landskapsbiletet. I Sefrakregistreringa er 6 utløer sett i kl. A, m.a. 3 i Mo i Lundeskardalen, to på Hjorteland og på Meland, Ulladalen.

Stølsbygningar- og miljø

Gardane hadde ofte fleire stolar, heimestol (vårstol) og fjellstol (sommarstol). Det var heller ikkje uvanleg å ha ein stol til (midtstol). Stolen har som regel ei plassering som var tilpassa den bruken som stolen hadde, med vasstilgang, noko skog for uttak av ved og gode beitetilhøve i nærlieken. Fjellstolen låg ofte fritt til med god utsikt for å kunne ha eitauge med buskapen og rovdyr. Nokre stader var det mindre gjerde kvar stol med grasslått.



Husmannsplassen Røynevarden ved Suldalsvatnet er restaurert av Ryfylkemuseet og er eit av museet sine anlegg.

Sjå liste over alle ca 270 husmannsplass i gamle Suldal i *Gamalt frå Suldal 10*, 2008

Døme på stølsområde (stølsanlegg) i kommunen som har mykje av det opprinnelige stølspreget er Reinstøl ved Gulling, Håvestølen, Mostøl, Jonstøl, Gaukstøl, Skitstøl og Reinskvelven i Bråteitheia, Skarstølen og Longhaug i Hamrabøheim.

Naust og sjøhus

Sjøen var hovudferdselsåra etter gammalt like fram til slutten av 1800-talet, og med det var naustet eit særskilt viktig hus på dei fleste gardar. Nausta kunne liggja samla, der det var tront om plassen, slik som i Tengesdal og i Kvilldal. Stein kunne bli nytta som byggjemateriale i sideveggane, medan gavlveggane var bordkledde, slik me ser det på Døsjanaustet på Vormestrand og Børkjenesnaustet ved Suldalsvatnet. Men oftast er dei eldra nausta grindabygde slik som Lingvongnaustet. Var det god tilgang på tømmer kunne naustet bli bygd i tømra, slik me ser det på Lølandsnausta og det gamle Vidveinaustet. Li-naustet er tømra, det er særmerkt og truleg svært gammalt. I kommunen er det registrert 61 naust i kl. A og B i Sefrak-reristreringa.



Restaurert naust på Døsjø.



Hylsfjorden har eit interessant naustmiljø. Over eit 1700-tals naust på Vidvei som nå er rive og erstatta med eit liknande. Til venstre nausta i Vanvik, og under nausta i Tengesdal.





Gammal jakthytte i Stein-kilen.



Gammal ferdselsveg mellom Kvilldal og Bykle over Såta, nå mest brukt til turar. Nær Svartaberg.

Frå Brudled.



Jakthytter

Steinkilen er ein sentral stad for den tradisjonsrike dyrajakta i øvre Suldal. Her er det tre jakthytter frå ulike tidsepokar der alle vert haldne godt i stand. Den ”midtre” oppsett på 1930-talet er særprega med valma torvtak, medan den eldste frå 1800-talet er halvt inngroven i bakken og vert nytta til stall. I Leirdalen og i Breiavatn er det og gamle jakthytter.

2.2.4. Ferdsel og handel

Vegar og ferdselsårer

Fram til 1800-talet var det berre gong- og kløvjevegar i kommunen. Over fjellet frå Røldal, Setesdal og Telemark er det fleire vel dokumenterte ferdselsvegar. Vegen viser att fleire stader med murar og vardar. Utover dette var det stølsvegar og mindre vregar mellom gardane. Fjorden var viktigaste kommunikasjonsåre.

I 1919 vart Suldal Kommunale Automobilar stifta, og dette var opptakten til ein heilt ny epoke for ferdsla i kommunen. Sjølv om privatbilen i dag står for det meste av persontransporten har billaget spela ei avgjerande rolle for ferdsla og varetransporten i kommunen i snart 90 år.

Ferdselsvegen gjennom Hylsskaret. Dette var sjoarvegen mellom Våge og Hylen for øvre Suldal, Røldal og dels for øvre Telemark og Setesdalen, like til det kom dampbåt på Suldalsvatnet. I Våge står eit hus, ”Loftet”, som vart nytta til overnatting for reisande.

Brudled. Steinrekka til minne om to brudefølgje som møttest mellom Suldal og Setesdal.

Postvegen Kallvik – Finnvik. Dette er del av den gamle postvegen Stavanger – Bergen, som dels gjekk på land og dels på sjøen. Vegen gjekk via Haug og Rosseid, med fleire steinbruar som er synlege den dag i dag.

Stølsvegen Kvilldal – Kvilldalsdalen med fint murararbeid.

Kløvjeveg til Lingvong. Nedre del av vegen, opp dei brattaste berga vart bygd 1928-30 med offentleg tilskot. Vidare opp vart vegen bygd av oppsitjarane.



Kløyvevegen til Lingvong.

Brattlandsdalen. Me finn rester både etter kløvjevegen og den gamle særprega bilvegen. Bilvegen vart freda i 2009, og Statens Vegvesen arbeider for tida (frå 2012) med eit prosjekt for å gjera vegstrekninga meir tilgjengeleg og attraktiv for publikum.

Ryfylkevegen. Ved Fiskeberget på Sand finn ein rester etter oppmurt veg som var tenkt som del av Ryfylkevegen før traseen vart endra. Erfjord bru over Tyssefjorden må og reknast som eit kulturminne.

Bruer

I førearbeid til Statens vegvesen sin verneplan for vegbruene i Rogaland er følgjande bruar nemnde som verneverdige: (Boka Bruer og brubygging i Rogaland av Svein Magne Olsen (1988)):

Nybru, Ulladalen. Mastebru av tre på peleåk, 3 spenn, tidleg 1800-tal. Restaurert av vegvesenet 1986/87, og igjen etter initiativ av Suldal Sogelag i 2016.

Lågabrua mellom Ritland og Nærheim. Mastebru av tre på peleåk, 5 spenn, 55 m. Ukjend alder, truleg 1780-tidleg 1800-tal. Pilt-Ola (Ola Olsen Sangesand (1779-1858)) skal visstnok ha vore byggmester. Restaurert i 1981/82 og i 2011.

Littlehaga bru, Sandsbygda. Fagverksbru av jern, 40 m, 1893-94. Freda.

Ås bru, Hylsfjorden. Steinhvelvbru, 15 m, 1925.

Tysseland bru, Vintraleå. Steinhvelvbru, 25 m, 1931.

I «Nasjonal verneplan for veger, bruar og vegrelaterte kulturminner» (Statens vegvesen 2002) er følgjande objekt i Suldal tekne med:

- Suldal vegmiljø (vegmiljø: område der fleire generasjonar av bevarte vegar ligg nær einannan). Omfattar Suldalsvegen frå Osen til Nesflaten, inkludert Hylskaret).
- Lågabrua
- Brattlandsdalen

Lågabrua.



Gamlevegen i Brattlandsdalen



Vegen gjennom Brattlandsdalen har hatt umåteleg mykje å seia for Suldal, både reint kommunikasjonsmessig, men særleg som reiselivsdestinasjon.

Vegen vart opna i 1887 som ein viktig del av "Turistrute 7" frå Stavanger via Hardanger til Bergen. Den nervepirrande ferda med hest og trille gjennom heile og halve tunellar like over dei frådande vassmassane vart eit høgdepunkt på turen og er forevigda på tallause bilde og postkort.




Krav til betre vegstandard førte til at vegen vart utbetra gjennom fleire omgangar. I dag er bare ei mindre strekning av vegen nokolunde intakt. Den vart freda av Vegvesenet i 2009, og det vert arbeidd med å revitalisera denne vegstubbene slik at den igjen kan ha ein viktig funksjon i reiselivssamanheng.

Suldal kommune har sett opp informasjonsskilt om dalen og vegen både ved sjølve gamlevegen og ved rastepllassen ved Flesåna.

Til venstre eit bilde av Odd T. Straabø frå 1904 som syner ein av tunellane i Brattlandsdalen, med "kruna" til minne om Kong Oscar II over. Over ser me same parti i dag, og merker oss at tunnelopninga er monaleg utvida, men heldigvis utan at kruna er øydelagd. Øvst ser me fredningsskiltet som er sett opp av vegvesenet like ved.

Under to av informasjons-tavlene Suldal kommune har sett opp i Brattlandsdalen.





Handel

I tidlegare tider var det langt fleire handelsstader i kommunen enn i dag. Nokre døme på handelshus:

Rasmus-sjøhuset (Rasmus-krambua), sjøhus i Nordenden på Sand bygd ca. 1840 med føremål å driva handel. Krambu mot gata og stort lager mot sjøen. Krambusdrift fram til 1940, samt 1957-65. Posthus 1965-68. |

Bjergsted på Jelsa har vore handelsstad i fleire hundre år. Huset i barokkstil, eksemplarisk rehabilitert kring 1990, kan vera frå 1600-talet.

Finnvik handelsmuseum, privat. Handelsstad med sjøhus, bustad og krambu. Ikkje i drift nå.

Hylen, husmurar etter den då (1848-85) sentrale handelsstaden og trafikknutepunktet for øvre Suldal, Røldal og øvre Setesdalen.

Ottøynå og Israelsneset, ein gammal handelsplass med eit privat museum på Israelsneset med gjenstandar frå handelsverksemda og annan verksemd.

Fartøy og andre kommunikasjonsmidde

D/S Suldal, Suldalsdampen, bygd som passasjerskip i 1885 og sett inn i rutetrafikk på Suldalsvatnet. Dette fekk enormt mykje å sei for kommunikasjonen i bygdene langs vatnet, og "Dampen" er eit viktig kulturminne til å dokumentera denne perioden som varte heilt fram til 1979 då Suldalsvegen vart opna. Båten er for tida under restaurering med midlar frå Riksantikvaren, og det er bygt eige båthus på Strandanes.

"Brødrene af Sand" er ei jekt frå fraktfarten på fjordane med base på Sand, som er restaurert av Ryfylkemuseet, og vert driven av ein eigen venneforening.

Lokale rutebilar er også av kulturhistorisk interesse. Det er fleire privatpersonar som er opptekne av å ta vare på og istandsetta slike køyretøy. Suldal kommune har gitt støtte til eit slikt prosjekt.

Over t.v. Israelsneset på Jelsa. Over: Rasmus-sjøhuset på Sand.

https://no.wikipedia.org/wiki/Nasjonal_verneplan_for_veger,_bruer_og_vegrelaterte_kulturminner#Vestlandet

Suldal vegmiljø (s. 62-63):
https://www.vegesen.no/_attachment/62323/binary/16313?fast_title=Vegmilj%C3%B8B8



Finnvik handelsmuseum er ikkje lenger i drift.





Lars Jelsa dreiv lenge med bygging av robåtar i Nore-sjøen på Jelsa.

Småbåtar (robåtar, pråmar) som er produserte lokalt er også av kulturhistorisk interesse. Ryfylkemuseet har eit par slike båtar i si eige.

2.2.5. Handverk, småindustri og bergverksdrift

Handverk og småindustri

Det vart gjort mykje handverk rundt om i bygdene, men det var i hovudsak til eige bruk på garden. Tre smier er sett i kl. A i Sefrak: På Rossemyr, Hjorteland og Foss.

Bergverksdrift

I glimmerfeltet ved Mosvatnet i Bråteitgrenda var det m.a. drift av tyskarane under siste krig. Det er store mengder glimmer att. I Jordbrekkmarka er det ei gammal kopargruve. Ved Gryte ligg restene av eit klebersteinbrot.

Turisme og reiseliv

I siste halvdel av 1800-talet blomstra turismen opp som ei ny og vesentleg næring, særleg gjennom dalføret frå Sand som følge av Turistrute 7, "The new inland route" som Stavanger Turistforening marknadsførte frå 1887. På det meste var det på denne strekninga åtte hotell. Ingen av desse har overlevd, men nokre av bygningsane eksisterer i ombygd form med annan bruk.

Engelsktida med laksafisket må kunna definerast som turisme, og det er fleire godt bevarte minnesmerke frå denne perioden. Sibthorp sin villa Lindum, oppført i 1885, er eit flott og særmerkt anlegg som i dag er reiselivsbedrift. Hunters tilsvarende på Hiimsmoen likeså, i dag tilhaldstad for rehabilitering, etter ein lang periode som tuberkolosesanatorium. Stiftelsen Hiimsmoenkollektivet utfører omfattande og eksemplarisk bygningsvern på anlegget.

Stavanger Turistforening har oppført mange turisthytter i Suldal. Foreningas to første hytter låg på Bleskestadmoen (1891) og Kvanndalen (1898). Begge disse er rimeleg intakte, den på Bleskestadmoen vart restaurert i samband med at ny hytte vart bygd her og stølsmiljøet reetablert. Også hyttene på Sandsa (1936) og Strandalen (1926) har hatt stor betydning for friluftsliv og fotturisme i Suldal. Sandsa-hytta vart teikna av den framståande Oslo-arkitekten Arnstein Arneberg, som også har teikna Fossheim på Sand. Den nyaste turisthytta, Jonstøl (2014), har også store arkitektoniske verdiar.



Suldalsdampen (over) og Brødrene af sand er begge viktige kulturminne som nå blir tatt vare på.





Frå glimmerbrotet i Bråteit (t.v.) og klebersteinbrotet ved Gryte.



Vasskraft

Vasskrafta vart brukt i det gamle bondesamfunnet fram til hundreårsskiftet. Vasshjulet vart i hovudsak brukt til å drive treskjemaskin, kvernkall og vassag. Kvernhusa er ofte små tømra bygningar og det kunne ligge fleire etter kvarandre langs bekken. Dei fleste gardane hadde eigne kvernhus og dei hadde ei enkel innreiing med sloke og kvernkall, over- og understein, teine og mjølkiste. Fleire stader var ikkje vassføringa større enn at ein måtte vente på flaumvatnet for å få mala kornet.

Den eldste vassdrivne saga var oppgangssaga. Desse kom alt tidleg på 1500-talet på Austlandet, hjå oss høyrer me om dei frå rundt 1550. Dei fleste oppgangssagene hjå oss låg ved fjorden ved eit større vassdrag, men og i innlandet vart det bygd sager. Til saman er det registrert rundt 40 oppgangssager som var i drift i kommunen vår. Rundt 1880 vart oppgangssaga avløyst av sirkelsaga. Ingen oppgangssag er teken vare på her, men t.d. under Lingvongfossen ser me muren og den utsprengde vassrenna etter den eine av to oppgangssager som låg der fram til ca. 1850.



1885
Lindum - det best bevarte av "lakseslotta" frå Engelsktida. Her er det nyoppført i 1885. Over laksefiskarar same år.

**Stavanger Turistforening
i Suldal**

Rogalands to eldste turisthytter ligg begge i Øvre Suldal og er bygde over same leisten. Øvst ser me til venstre Bleskestadmoen (1891) med Kari og Mikkel Bleskestad utanfor; til høgre hytta i Kvanndalen (1898) med den kjende jegaren Gabriel Dynjaren ved sidan, han var me å byggja hytta. Fotograf er Åke Bleskestad. Under ser me både den gamle restaurerte, og den nye hytta på Bleskestadmoen i 2017.

Underst: Stranddalen er Stavanger Turistforening sitt flaggskip i Suldalsheiane. Den betyr mykje for å oppretthalda kulturen med å ferdast i fjellet, både for bygdefolk og byfolk.





Kraftutbyggingane i Suldalsheiene medførte store naturinngrep. Enkelte element må reknast som kulturminne.

Til venstre: Førrevass-dammen frå 1986 er Nordens største betongdam.

Under: Frå Kvilldal kraftstasjon.



På slutten av 1800-talet starta ein opp med å vinne ut elektrisk kraft frå elvevassetnet. Dåverande Sand herad var tidleg ute og bygde ut Hiimsånå med kommunalt kraftverk i 1915/16. Kraftverket er framleis i drift, og den vakre bygningen står som eit monument over eit dristig og vellukka føretak.

Dei store kraftanlegga frå slutten av 1900-talet, Røldal/Suldal og Ulla-Førre omfattar m.a. demningar som har stor historisk og arkitektonisk verdi, t.d. Førrevassdammen (1986) som med sine 260.000 m³ er Nordens største betongdam. Den vart i 1989 tildelt «Betongtavlen – for fremragende byggearbeid i betong». Desse anlegga har eit stort potensiale innan reiseliv. Det ligg i sakens natur at slike anlegg må kunna vedlikehaldast og oppgradertast for å halda gjeldande tryggleikskrav.

Kvednhus

Uvanleg mange kvednhus er tekne vare på i kommunen vår, særleg i dei indre delane. I Kvednahålo og ved Tveiteåno finn me komplette miljø med tørkehus og kvednhus med vassrenne og interiør, medan dei fleste private som er tekne vare på manglar meir eller mindre av dette. 4 kvednhus er sett i kl.A i Sefrak: På Havrevoll, Børkjenes, Hjorteland og Foss.



Kvednahola ved Ritland er det viktigaste kvernanlegget i Suldal. Her frå slutten av 1800-talet og i dag.

2.2.6. Religiøs og offentleg verksemد

Bygningar knytt til religiøs verksemد

Kyrkjene som vart bygde i middelalderen var i hovudsak stavkyrkjer og steinkyrkjær. Etter reformasjonen vart dei fleste kyrkjene tømra. Jelsa kyrkje vart bygd på 1600-talet. Dette er ein tømra bygning som har "rosemalinger" i taket og på veggane, noko som karakteriserer kyrkjer frå denne tida.



Den vesle kyrkjegarden i Ulladalen ligg vakkert til. her finn me m.a. gravsteinen til bjørnejegaren Rasmus Ulladalen.

Ei listeført kyrkje er av Riksantikvaren vurdert som eit verneverdig kulturminne. Kyrkja er ikkje freda, men alle saker om endringar, istandsetting og vedlikehald i eller ved kyrkja skal sendast Riksantikvaren for uttale. Alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850 er listeførte, dessutan eit tal nyare kyrker. I Suldal er bare Jelsa kyrkje (1647) listeført.

Resten av kyrkjene me har i kommunen, Sandskyrkja, kyrkja på Vinjar, Erfjordkyrkja, Marvik og Nesflaten kapell er alle bygd på 1800-talet. 1800-talet vert kalla den tredje kyrkjereisingsperioden i Norge. Me hadde då fått eit kyrkje- og undervisningsdepartement som gav ut plansjeverk med typeteikningar til kyrkjer, og dei fleste kyrkjene som vart bygd då var inspirert av desse teikningane. Mange av dei gamle kyrkjene vart rivne eller ombygde i denne perioden.



Kyrkjegardane har også stor kulturhistorisk verdi. På Sand og Vinjar er deler av kyrkjegardane freda ettersom dei stammar frå middelalderen.

Prestegardane hadde ein høg status i bygda og var ofte mønsterbruk med jordforbetring o.l. Det er opprinnelig tre prestegardar i kommunen, Vinjar i Suldal, på Jelsa og på Sand. På Jelsa prestegard er prestebustaden og borgstova verna. På Vinjar er prestebustaden i privat eige og restaurert.

Nokre av dei fyrste offentlege bygningane utanom kyrkjene var truleg tingstovene. I kommunen var det tingstad m.a. på Ilstad i eit hus tidfesta til 1600, nå gardsmuseum.

Forsamlingshus

Forsamlingshus som bedehus og ungdomshus var viktige bygningar som kom til som følge av eit veksande organisasjonsliv tidleg i dette hundreåret. Det var både religiøse og frilyndte verksemder som trengte sine hus.


Det første bedehuset i landet vart bygd rundt 1840. Bedehusa fungerte ein del stader som grendehus, det vart bygd og vedlikehalde av folk i grannelaget. Nokre kjelder meiner at ein bygde bedehusa for å få eit hus der kyrkjelyden kunne skifta og kvile før og etter kyrkjebesøket. Andre meiner det var lekmannsrørsler som "haugianerne" og misjonsselskapet som bygde bedehusa for å driva ein meir individuell religiøsitet og vekkingskristendom enn det kyrkja sto for. Fellestrekk ved bedehus-bygningane er den noko spartanske utsjånaden. I kommunen er det i dag mange bedehus. "Krististova" i Kjølvik var fram til 1889 våningshus, då vart det ombygd til bedehus. I dag er det privat bedehusmuseum. Vernekl. A i Sefrak.

På 1800- og 1900-talet vart det bygd samfunnshus/ungdomshus i dei fleste krinsar i Suldal. Ein del av dei er i bruk ennå, medan andre er gått over til annan bruk. «Tunet» på Sand er det knytt kulturhistoriske interesser til, men sjølvbygget har mindre verdi i så måte, og i gjeldande reguleringsplan er det ingen verneklausular for Tunet. For dei andre husa i same kategori kjenner ein ikkje til at det er særlege kulturvern-verdiar utover sjølvbruken.



Jelsa kyrkje

Jelsa kyrkje vart sluttført i 1647 og er den eldste og vakraste av kyrkjene i Suldal. Deler av den originale utsmykkinga er bevart, m.a. stjernehimmen i taket.



Skulehuset i Hamrabø har m.a. vore nytta til basarar. Her frå 1977.



Skulebygningar

I 1860 kom det ein skulelov som m.a. sa at skulen så langt som mogleg skulle vera på fast stad. Departementet laga til typeteikningar for korleis skulebygget skulle vera og korleis det skulle innreiaast. Desse teikningane er lagt til grunn for mange av dei skulebygningane som vart bygde i åra som kom. Skulebygningane vart bygd opp etter same leid med gang, skulestove og kammers, der kammerset var lærarbu-stad. Totalt i Norge er det kjent heile 4723 skulehus. Dei aller fleste er borte nå, og bare eitt er freda (av dei skulehusa som vart bygd etter lova frå 1827). Mange er tatt i bruk til andre føremål, nokre blir tatt vare på i grendene til tilhøyrrer. I Suldal står framleis ein del av dei gamle skulehusa. Dei som ikkje er privatiserte er framleis juridisk sett i kommunalt eige.



Ryfylke folkehøgskule (over) og Ryfylke Arbeidsskule på Eide var viktige institusjonar på 1900-talet.



Det er registrert 19 (folke)skulehus i kommunen, alle ute av bruk. Berre eit er reg. i vernekl. A, nemleg Det Riibergske skulehus på Jelsa frå 1775. Dette er truleg det første landsens skulehuset på Vestlandet, og det vert nå drive som skulemuseum av Ryfylkemuseet. 11 av skulehusa i kommunen er sette i vernekl. B, og mellom desse er det naturleg å merka seg skulehuset på Austarå i Hamrabø og på Tjørnarehaugen i Ulladalen som gode døme det er vel verd å ta vare på. Skulehusa i Finnvik og Marvik vart i 1972 flytta og sette saman til eit bedehus, noko som gjer dette bygget spesielt.

Skulen står sterkt i bevisstheten til folk, og historia til skulen og utviklinga mot stadig større sentralisering er ei interessant historie. Skulehus kan også nyttast til andre almenne føremål i kommunal regi, t.d. som informasjonspunkt langs Nasjonal turistveg Ryfylke og/eller til tilknyting til særleg verdfulle kulturlandskap. Skulehusa i Hamrabø/Litlehamar er aktuelle i så måte.

Ryfylke folkehøgskule. Dei første bygningane, elevinternatet og administrasjonsbygningen, sto ferdige i 1920. Begge er sette i verneklasse B i Sefrak. Folkehøgskulen var ein så viktig institusjon at bygningane bør takast vare på. Rygjatun eideom driv nå anlegget, der Topp Volley Norge m.a. held til.

Ryfylke Arbeidskule sitt skulebygg i Eidssjøen er frå 1923 står endå som eit minne om strevet med å få til eit vidaregåande skuletilbod i Ryfylke. Det er nå overtatt av frivillige organisasjonar som har tilhald i bygget.

2.2.7. Andre tekniske anlegg

Bygg innan teknisk infrastruktur

Ein del statlege instansar har laga eigne verneplanar for bygg/anlegg innan sitt saksområde, t.d. Kystverket, Televerket og Norges Geografiske oppmåling. I Suldal kjenner ein til følgjande objekt er klassifiserte som verneverdig:

Kabelhus Einersneset, Sand og Ropeid (Telenor). Verna i 1996. Husa er omtala som typiske sjøkabelhus. Kabelen mellom Sand og Ropeid vart lagd i 1910.

Varden på Snønuten (Statens Kartverk) (1604 moh). Varden er frå 1918. Snønuten er del av det såkalla 1. ordens nettet av trigonometriske punkt som vart etablert for å legga grunn for kartlegginga av Norge. Verneplan frå 2011. Suldal kommune har montert ein plakett med informasjon ved varden. Sjå ramtekst neste side.

Krigsminnesmerke m.v.

Andre verdskrigene sette få fysiske spor etter seg i Suldal. Det er eit par minnesmerke – Torkelsen-støtta og Håvardsholm-støtta på Sand og Fjellberg-støtta på Hjorteland.

Diktaren Rasmus Løland har fått ei støtte på Sand, elles er det nokre minnestøtter sett opp av ungdomslag på Sand og Nesflaten. Nokre stader langs Rv13 er det «kruner» med kongesymbol som er hogde inn i fjellet. Den best bevarte ligg i samband med gamlevegen i Brattlandsdalen.



Det verna kabelhuset på Einersneset på Sand.



Georg Fjellberg (til venstre) vart skoten under andre verdskrig og har fått ei minnestøtte etter seg. Den vart sett opp i Ulladalen (over), men seinare flytt til ovanom Hjorteland.

Under: Frå avdukinga av minnestøtta for forfattaren Rasmus Løland på Sand.




Varden på Snønuten - ei brikke i kartlegginga av Norge



<https://www.kartverket.no/globalassets/fakta-om-norge/verneplan-for-kart-og-oppmaaling.pdf>



Snønuten er med sine 1604 moh den 6. høgaste fjelltoppen i Rogaland og eit populært turmål. Men varden på toppen er også eit kulturminne frå den tid oppmålarar klatra på toppane for å føreta nøyaktige målingar under kartlegginga av landet. Snønuten inngår i ein verneplan frå statens kartverk.



Til høgre: Informasjonsplata som Suldal kommune har sett opp.

Under: Det 1. ordens nettet av trigonometriske punkt i Norge (frå verneplanen).



Historikk (frå verneplanen):

Det trigonometriske punktet Snønuten ble første gang benyttet under Frederik P. Næsers triangulering i 1852/1853. Det var i en triangelrekke som strakte seg fra Stavanger-kanten til den knyttet seg på triangelrekken fra Gaustatoppen nordvestover mot Bergen. Da Wold utførte målinger på Snønuten i 1917 og 1918, i forbindelse med det moderne 1. ordens nettet, sto der en eldre rund varde uten sentrumsbolt, som var 1,2 m i diameter og 1 m høy. Denne varden kan ha vært fra Næsers tid. Den gamle varden ble revet og en ny firkantet varde med sentrumsbolt av jern ble oppsatt på den gamle vardenes plass. Den ble oppgitt til å ha en høyde på 2,4 m og en diagonal på 1,80 m. Sidene 2,15 og 1,55 gir en diagonal på 1,85 m, så det er temmelig sikkert at dagens varde er den som ble satt opp i 1917. I forbindelse med målingene i 1917 ble det satt ned en observasjonsbolt av kobber 5,35 m øst for vardenes sentrum og en sikringsbolt av kobber 7,08 m sørvest for sentrumsbolten. Fra ”Beskrivelse av 1. ordens punkter i vestre Sørlands-nett” kan det se ut som om Schive, da han målte på Snønuten i 1936, satte ned en ny kobberbolt bare 0,20 m sør for observasjonsbolten. Somrene 1968 og 1973 ble det fra Snønuten målt avstander i 1. ordens nettet med elektromagnetisk avstandsmåler av typen Tellurometer. I 1957 ble det rapportert at varden var 1,90 m høy. Snønuten inngikk også i målinger for økonomisk kartverk i 1957, 1964, 1970 og 1974. I 1993 ble det målt med GPS-utstyr på Snønuten i forbindelse med målinger i Landsnettet.

2.3. Kulturlandskap

Kulturlandskap er ei felles nemning der både kulturmarkstypar, bygningsmiljø (t.d. stolar og utelører) og tekniske anlegg (t.d. murar, steingardar, bruer) er representert i same område. Gjennom dei tradisjonelle driftsformene i jordbruket har ein vore med å forma miljøet slik vi ser det i dag. Nye krav til jordbruket gjer at ein i liten grad held fram med slik stell av landskapet.

I Suldal har den omfattande bruken av utmarka til jordbruks-, skogbruk, låglandsbeite, stølsbruk og fjellbeite har gjort at det meste av arealet er meir eller mindre kulturpåverka. Graden av påverknad på det opphavlege naturlandskapet varierer mykje, frå reine monokulturar med t.d. gras eller gran til fjellområde der sauebeite fører til endringar i vegetasjonen som kan vera vanskelege å sjå.

Medan nokre typar av kulturlandskap vert drivne og haldne i hevd som før, er andre typar tatt ut av bruk og i varierande grad på veg tilbake til naturskog. Dette gjeld t.d. haustingsskog der styving og lauving ført til eit karakteristisk preg på skogen. Skal døme på slike landskap haldast ved like, krevst det betydelege ressursar og kunnskap om gamle bruksmåtar.

I Suldal er to område definert som nasjonalt verneverdige og kartfesta i t.d. Temakart Rogaland:

1. Mokleiv – Klungtveit – Littlehamar - Hamrabø

Dette området vart i 2018 utvald som eit spesielt nasjonalt satsingsområde, noko som vil kunna føra til at betydelege ressursar blir stilte til rådvelde. Det opphavlege området i temakart er utvida til å omfatta Hamrabø og tilgrensande støls- og utmarksområde. I Våge og Hylen, som også grensar til, er det også store kulturlandskaps- og opplevingsverdiar. Den nære tilknytinga til Nasjonal Turistveg Ryfylke gjer dette området svært interessant, med eit potensiale for næringsutvikling.



Frå Klungtveit.

2. Ulladalen med Ørekvam

I begge desse områda er det aktiv landbruksdrift, slik at det vil vera mogleg for dei aktuelle bøndene å vera med på skjøtselen av dei verneverdige områda og førekostane som ein del av driftsgrunnlaget.



Frå Ulladalen, 1989.

Kulturlandskap av beste sort

Området Hamrabø - Klungtveit - Mokleiv - Littlehamar har store dokumenterte kulturlandskapsverdiar, både når det gjeld gardstun, stolar og uteløer; men også kydlestavar, bakkemurar og mange andre kulturelement i landskapet.

Dei store bilda syner ovanfrå Mokleiv, Littlehamar og Hamrabø.


Dei små er ovanfrå kydlestavar i Littlehamar, Mokleiv, Tveit i Hamrabø, Klungtveit og Holane i Hamrabø.



KULTURMINNE-SYMBOL

(jfr. kap. D5, vedlegg nr. 5 og 10)

Bygningur	■
Rydningsrøys	●
Bakkemur	■■■
Steingard	○○○
Hustufte	■■
Kyldestuvar:	
Ask	□
Bjørk	□
Selje	□
Lind	△
Alm	○
Eik	○
Rogn	●
Sti	- - -
Kjøreveg	—
Bru	■■ Gang ■■ Kjørc
Helle	■■
Taubane	→
Strengspel	●
Kvennestein	●
Slipestein	●
Hesjefeste	●
Meitretre	■■■
Smie	■
Frukttre	●
Bjørk med andrelags-never	■■■■■
Brygge	●
Åkerkant	△
Gjerde	— — —



Janne Bergland har utarbeidd dette kartet over ulike kulturlandskaps-element på gardane Litlehamar og Klungtveit. Frå hovudoppgåve ved Høgskolen i Telemark. Fargelagt av R. Roalkvam.

Garden Nordmork var kjend for sine almetre. Alm var eit viktig treslag for å sikra tilleggsfor til dyra.



Kulturmarkstypar

Styvingstre og kulturskogar er enkelt-lauvtre eller skogar av lauvtre som har vore nytta til försanking både ved å bruke lauvet, borken og tynne greiner. Hagemark er beitemark med tresjikt. Dette er ofte lågproduktive og lysopne jordbruksareal med trær som anten blir nytta til for (bjørk, alm, ask) eller til reiskap slik søyleeineren blir nytta til staur. Gode døme på kulturskogar og hagemark finn vi i området Hylen - Mokleiv der særleg dei sørvende liane i Hylsdalen utmerkar seg.

Urterike slåtteenger er karakterisert med eit stort artsmangfald og har ofte eit høgt innhald av ville urter. For å oppretthalde blomsterengene må ein slå engene først etter at plantene har frødd seg. Kraftig gjødsling vil favorisere næringskrevjande arter som vidare vil hindra blomsterarter som er mindre næringskrevjande. I Lali og på Klungtveit er det gode døme på slike enger.

Dei gamle kulturmarkstypane er gjerne karakterisert ved eit høgt biologisk mangfald, og mange artar har si hovudutbreiing her. Vedlikehald av slike landskap vil difor også bidra til det biologiske mangfaldet.

Tekniske anlegg knytt til jordbruksdrift

Eit godt døme på dette er alle steingjerde som har vorte bygd opp rundt innmark og anna eigedom. På brattlendt innmark var det vanleg å mura bakkemurar; terrasse-murar for å halda betre på jorda og hindra utvasking, og for å gjera åkeren eller bøen slakare. Spesielt fint terrassemurarbeid finn me på Klungtveit. Stakktufter er vitnemål om slått i utmark og hei som var svært viktig i det gamle jordbruket, i mange gredrer langt inn på 1900-talet. Som eit synleg vitnemål finn me ringmurar i stein som verna høystakken mot beitedyra, gjerne i stølsregionen. På Havrevoll er 30 stakktufter istandsette, der og stakkstøt; treet i senter er kome på plass.

Steingjerde, Nordmork.



Stakktuft på Skuteheia.

2.4. Jakt og fiske

Det er ein sterk kultur for jakt og fangst i Suldal. Best kjend er villreinjakta. I seinare tid er jakt på andre hjortedyr kome til, med hjort som det viktigaste. Frå gammalt har det også, særleg i Øvre Suldal, vore drive snarefangst av ryper og bruk av feller til å fanga mårdyr.



Med unnatak av jakthytter er det få fysiske spor etter jakt etter perioden der bogastelle og dyregraver var i bruk. Men det er i privat eige gjenstandar som er av kulturhistorisk interesse, som skytevåpen brukte av kjende jegarar, og gevir og trofé etter felt vilt.

På Jelsa er eit unikt kulturminne etter tida då ulven var ei stor plage for folk i Ryfylke. Det er ei godt bevart ulvefelle i form av ei stor grop. Den er beskriven i eit eige hefte som Øystein Haga har laga. Dateringa er usikker. Mange slike feller var i bruk på 16-1700-talet, men den kan og vera eldre.

Lokalnamn på dyr, fuglar og planter er også kulturminne verd å registrera og ta vare på. Eit oversyn over kjende fuglenamn frå Suldal er å finna i *Gamalt frå Suldal 8*, 2006. Gabriel Bakka sin artikkel om plantelivet i Suldalsheiane i Stavanger Turistforening si årskrift for 1927 inneheld og ein del lokalt kulturhistorisk stoff om einskilde plantar og bruken av dei.

Laksefiske i Suldalslågen er kjend gjennom skriftleg dokumentasjon frå 1300-talet og framover og utgjer eit særleg kulturhistorisk temaområde i Suldal. Perioden med ”lakselordar” og bygging av ”lakseslott” som framleis står, er godt dokumentert. Av desse bygningane er det Lindum som er best bevart. Penny Lee Smith har samla inn eit omfattande materiale frå denne perioden, som nå er oppbevart på Ryfylke-museet.

I samband med sjøfiske er det naturleg nok få fysiske kulturminne, men nokre stader står framleis såkalla giljer som vart brukte for å sjå etter fisk.



Skisse av ulvehola på Jelsa, og heftet som er gitt ut om dette kulturminnet.

2.5. Marine kulturminne og kulturminne under vatn


Også under vatn finn me kulturminne. Best kjent er kanskje skipsvrak som det finst mange av langs heile kysten, også i Suldal. T.d. vart eit skipsvrak funne ved Åsarøyholmen under anleggsarbeid ved Sandsfjordbrua. Alle skipsfunn som er eldre enn 100 år er automatisk freda etter Kulturminnelovas §14. Sandsfjorden og truleg andre område i Suldal er attraktive for sportsdykkarar, og ein kan venta fleire skipsfunn framover.



Giljer for speiding etter fisk, Drengsti i Vindafjorden.

Kaianlegg og naustmiljø er også viktige kulturminne. I Suldalsvatnet er det kjent fleire brygger m.v. som ligg under vatn.

I Fylkesdelplan for kystsona i Rogaland (2002) er det inntekna fem område med høgt potensiale for marine kulturminne: Hylen; Sand; Inste del av Vindafjorden; Heile fjorden frå Vatlandsvåg/Skorpene til Lovranes; Jelsa (sjå kart). Her må ein ta omsyn til dette ved utarbeiding av reguleringsplanar og andre tekniske planar.



Område med høgt potensiale for marine kulturminne.



Ryfylkemuseet si årbok for 2015, Talande ting, tek for seg eit utval gjenstandar i museet sitt eige.



Den vidjetne Hylskruna vart utlånt til mange bryllaup i Suldal. På neste side ser me Åke Bleskestad sitt bilde av kona Herborg i 1910, med kruna som opphavleg er laga i Bergen på bestilling av Anders Mollatveit i Sauda i 1862. Den er nå på Stavanger museum.



Låsen til gamlekyrkja på Sand er teken vare på og i privat eige.

Nordsida av Hylsfjorden er også kjend som "Sølvkannestrondå", etter statussymbola som dei gjeve gardane her samla seg. I dag er bare tre slike att, denne er frå Løland.

2.4. Gjenstandar

Ei rekke gjenstandar er av kulturhistorisk interesse, enten dei er knytte til arbeid eller fritid eller er rester av bygningar og anlegg som er gått tapt. Det er musea som har hovudansvaret for bevaring av slike gjenstandar. Ein vil her avgrensa seg til eit kort oversyn.

2.4.1. Ryfylkemuseet og andre museer

Ryfylkemuseet har ei samling av over 20.000 gjenstandar frå heile Ryfylke. Nokre er utstilte på museet sine anlegg og i skiftande utstillingar, men det meste er plassert i fellesmagasinet for Rogalandsmusea på Åmøy. Også andre museer har gjenstandar frå Suldal, t.d. Stavanger Museum og Historisk museum i Bergen. Det vert arbeidd med å legga ut bilde og informasjon om gjenstandane på nettstaden Digitalt Museum (digitaltmuseum.no). Pr 2018 ligg over 10.000 objekt frå Suldal her, fordelt på ca 6000 gjenstandar og 4000 fotografi.

2.4.2. Gardsmuseer og andre private samlingar

I Suldal er det fleire større private samlingar av gjenstandar som har kulturhistorisk verdi. Mellom disse er samlingane i Kriststova på Kjølvik, og i sjøhuset på Israelsneset, samla av hovesvis Johannes Kjølvik og Trygve Høivik. Kringom i heimane elles er det mengder av kulturminne folk har tatt vare på. Ryfylkemuseet får årleg donert slike gjenstandar som gaver.

2.4.3. Gamle fotografi og postkort

Av særleg interesse er større samlingar av gamle fotografi. Desse kan fortelja mykje om folk, bygningar, landskap og arbeidsmåtar frå farne tider. Ryfylkemuseet gjennomførte på 1980-talet omfattande innsamlingar og avfotograferingar av gamle bilde. Dei siste 20 åra har Suldal Sogelag gjort ein stor innsats for å spora opp og digitalisera nye samlingar. Dei viktigaste samlingane frå tidlege Suldals-fotografar er:

- Alice Archer, Sand. Over 600 fotografi hjå Ryfylkemuseet.
- Odd Straabø, Stråpa. Ca 400 glasplatenegativ og eit større antal papirkopiar. Glasplatene nå oppbevart ved Statsarkivet, Stavanger.
- Åke Bleskestad, Bleskeskad. Ca 90 glasplatenegativ i privat eige. Alle skanna.





- Johs. Kjølvik, Kjølvik. Negativsamlinga truleg tapt. Postkort frå store deler av Vestlandet m.v.
- Rasmus Mortensen, Sand. Negativa kasta, men mange positiv tekne vare på.
- Odd Stråpa, Stråpa. Stor samling negativ og kopiar, deponert hos Ryfylkemuseet.
- Lars Lohne, Herabakka. Negativ i privat eige, ukjend tal og status.

Fleire av desse fotografane ga ut postkort med Suldals-motiv. Suldal Sogelag har samla og publisert dei fleste postkortmotiv som er gitt ut frå slutten av 1800-talet til 1960. Desse gir eit interessant bilde av Suldal, særleg den del som turistane opplevde.

2.4.4. Kart

Gamle kart innehold mykje kulturhistorisk informasjon, t.d. om vegsystem, plassering av stølar, kvernanlegg m.v. Også utvalet og skrivemåte av stadnamn kan vera av interesse. Av særleg interesse er jordskiftekart som syner plassering av bygnin-
gar og ulike teigar, gjerne og typar av grensemerke.

Oppbevaring av kart skjer fleire stader. Jordskifteverket sine kart skal vera oppbevarte av jordskifteretten. Elles har Statsarkivet i Stavanger ei stor kartsamling. Statens kartverk har sjølv sagt også ei stor samling, særleg på nasjonal- og fylkes/region-nivå. Mykje av dette er lagt ut på Kartverket sine nettsider: <https://www.kartverket.no/Kart/Historiske-kart/>

Suldal kommune har økonomisk kartverk for heile kommunen. Dette er nå digitalisert. Kommunen har også digitalisert dei jordskiftekarta dei har hatt tilgang til og lagt inn i sitt digitale kartverk. Mange kart er i privat eige, og det er uvisst om alle desse også finst i offentlege arkiv.

2.4.5. Litteratur og kunst

Fleire kjende kunstnarar har laga kunstverk med motiv frå Suldal, noko som i nokon grad kan dokumentera landskap (men oftest med betydeleg kunstnarleg fridom). Mellom dei mest kjende er Johan F. Eckersberg (1822-70) og Thomas Fearnley (1802-42). Fleire lokale kunstnarar målar og motiv herfrå. Suldal kommune har kjøpt inn nokre slike kunstverk.



Teikning av foss ved Kvann-dalen av Thomas Fearnley, 1824. Fossen er nå tørrlagd.

Det er ein rik skjønn- og lokalhistorisk litteratur med Suldals-tema. Bygdebøkene som blir gitt ut i kommunal regi står i ei særstilling, men det er også eit stort utval av andre bøker og publikasjonar. Biblioteket har eit ansvar for å ha desse tilgjengelege, og etter kvart er mykje også tilgjengeleg digitalt. På Nasjonalbiblioteket sine nettsider gir eit enkelt søk på «Suldal» over 8000 treff i kategorien bøker, m.a. dei årbökene til Stavanger Turistforening som har Suldal som spesialtema.

2.4.6. Radio, TV, media

NRK har gjennom åra produsert mange radio- og tv-innslag frå Suldal. Mykje av dette er nå tilgjengeleg på internett, t.d. på Nasjonalbiblioteket sine sider nb.no. Andre filmar og opptak er lagt ut på Youtube, m.a. private opptak frå arrangement. Den eldste filmen frå Suldal er laga av Stavanger Turistforening, ca 1903 i Brattlandsdalen. Den skal finnast i Nasjonalbiblioteket.

Avisene Sandsposten og Suldalsposten er nå digitalt tilgjengelege på Suldalsposten sine nettsider. Regionsavisene har også publisert mykje kulturhistorisk interessant stoff frå Suldal opp gjennom åra. Det meste er nå tilgjengeleg og søkbart på Nasjonalbiblioteket sine nettsider (83.000 treff på «Suldal» i avisar).



Odd T. Straabø sine bilde dokumenterer både bygningar og klesdraktar m.v. på byrjinga av 1900-talet. Kaarhus Hotel på Sand (over) brann i 1965, og bilde er dei einaste minna me har etter det. Det staselege gardshuset på Øystad (under) står ennå, og eit slikt bilde er av stor verdi ved restaurering og tilbakeføring. Her er mange detaljar som vanskeleg kunne vore dokumentert på annan måte, sjå bare dei særegne takrennene og avløpsrenna nær døra.

Odd T. Straabø sin fotoskatt - kulturhistorisk gullgruve


Den store samlinga av glassnegativ og papirkopiar vart oppbevart på Stråpa og på Vasshus etter at Straabø døydde. Suldal Sogelag fekk skanna inn dette materialet i 2010, og eit utval av dei over 400 bilda vart presentert i boka *"I Suldal har eg heime"* i 2012.







Gamle kart og dokument kan innehalda mykje kulturhistorisk informasjon. Kartet til venstre frå 1856 syner både vegsystem, plassering av stølar og gardskverner, og gamle stadnamn. Kartet over er utsnitt av jordkiftekart for Veka. Skinnbrevet under er frå 1425 og omtalar ein gardshandel på Kolbeinstveit. Det er eit av veldig få slike mellomalderdokument som er i privat eige.



2.5. Immateriell kulturarv

Lokalhistorisk wikipedia definerer dette slik:

«*Immateriell kulturarv eller immaterielle kulturminner er den delen av verdens kulturarv som ikke eksisterer som fysiske gjenstander, men som minner som er bevart på annen måte. Det kan være sagn og historier som er bevart muntlig eller skriftlig, musikk og dans som er overlevert på forskjellige måter, håndverkstradisjoner som går ut over det fysiske produktet og mye annet.*»

Ofte er det nær samanheng mellom materielle og immaterielle kulturminne. T.d. er krusifikset i Røldalskyrkja eit klassisk materielt kulturminne, eit 85 cm langt krusifiks i utskore tre frå 1200-talet. Alle historiar, segner og myter knytte til dette er å rekna for immaterielle kulturminne, sjølv om mykje av dette ikkje har rot i verkelegheita.



Sigurd Sandvik sine innsamlingar av Suldals-ord og uttrykk er samla i fleire bøker:

2.5.1. Målfore

Ryfylkedialektane er relativt godt dokumenterte, heilt frå amtmann de Fine sine lister over ord og uttrykk frå Rogaland (1745) og fram til i dag. Dialekten i Øvre Suldal er vel den mest omtala, då den i større grad skiljer seg frå dei øvrige Ryfylkedialektane enn dialektane i dei ytre delane av kommunen. I tre bøker har Sigurd Sandvik dokumentert ordtilfanget og grammatikken i Suldals-dialekten.

Dialektane er i stadig endring, og trenden er at dei liknar stadig meir på kvarandre. Ein del av dette kan dokumenterast skriftleg, men lydopptak er eit verdfullt tillegg. Det ligg føre fleire slike opptak i form av intervju, m.a. gjort av Ryfylkemuseet. NRK har også lydopptak og filmopptak. Den gamle Suldals-dialekten heldt lengst stand mellom utvandrarar i Juneau county, Wisconsin. Det er uvisst om det finst eldre opptak herfrå, men eit nyare filmminnslag med Magla Moore (f. 1918) ligg på Aftenbladets nettsider.

A screenshot of a video player interface. The video shows an elderly woman with glasses, wearing a pink sweater with a colorful pattern, sitting in a room with wooden cabinets and a lamp in the background. The video player has a dark theme with white text. At the top, there are navigation buttons: 'START', 'SØK', 'SERIER', 'SISTE', and 'MEST SETT'. Below the video frame, there is a progress bar showing '01:16' and '03:09'. At the bottom, there are buttons for 'Info', '0 Kommentarer', 'Del', and a caption that reads 'En suldøl fra Wisconsin'.

Magla Moore snakkar gammal suldals-dialekt.


<http://www.aftenbladet.no/tv/#!/video/7579/en-suldoel-fra-wisconsin>

2.5.2. Stadnamn

Stadnamna er eit tema som engasjerer mange. Det er i fleire omganger samla inn lokale stadnamn som del av nasjonale eller regionale prosjekt, m.a. på 1980-talet. Diverre er fleire av desse prega av manglande eller dårlig kartfesting grunna manglande kartgrunnlag.

Etter 2000 har både Suldal kommune, Suldal Sogelag og privatpersonar gjennomført nye innsamlingar/suppleringar av stadnamn. Ein del av dette er også publisert i form av trykksaker:

- Hylsstrondå, Vinjar-området, Bråtveit: karthefte, Suldal kommune (også tilgjengeleg på mobiltelefon via appen «Kommunekart»)
 - Gullingen-området: turkart med stadnamn og andre kulturminne, Suldal kommune. Også tilgjengeleg på same app.
 - Stadnamn langs sjøen i Erfjord, Suldal Sogelag
 - Stadnamn langs Suldalslågen på Sand, Suldal Sogelag (artikkel Olav Veka)
 - Stadnamn Eide – Hellandsnuten, Suldal Sogelag (artikkel Olav Veka)
 - Stadnamn på Sand, Suldal kommune. Brosjyre
 - Stadnamn i Sandsfjorden (utan kart), av Ola Bråtveit og Merethe Lauritzen.
- Kjell Steinbru arbeider med noko tilsvarende for Kvilldals-området.
Etter kvart vil venteleg dei fleste stadnamna bli tilgjengeleg digitalt.



Over: Stadnamn-brosjyre for Sand, utgitt av Suldal kommune 2017.



Til venstre: Utsnitt av stadnamn- og kulturminnekartet over Mosvatn-området som Suldal kommune ga ut i 2017. I tillegg til stadnamn syner kartet også stakktufter, utelør og andre kulturminne.

Stadnamn som kommunen har registrert er også tilgjengelege på mobiltelefon med appen Kommunekart. Saman med GPS kan ein då lett finna stadnamn der ein er på tur.





Hylsskaret - mytisk plass i Suldal

Hylsskaret mellom Hylen og Våge er ein stad det er knytt mange segner og soger til. Nokre er sanne, nokre er oppdikta. Hylsskaret og Hylen var sentrale stader i ferdsla frå Setesdal og Øvre Telemark og vestover mot Stavanger. Ferdselsvegen gjekk gjennom skaret etter at austmennene hadde kome over Suldalsvatnet til Våge, og Hylen var i ein periode ein sentral handelsstad. Det vert fortalt om Eldrid Rinden som bar femti kilos halvtønner gjennom skaret medan ho arbeidde med spøtet sitt.

Her er eit par kjende myter kring Hylsskaret. Hylsfjorden, skaret og Rolleivsjuvet er deler av ei sprekksone i berggrunnen, noko som er den eigentlege grunnen til desse naturformasjonane. Og jenta frå Littlevik - kanskje heldt det kattugle, hubro eller andre skapningar med menneskeliknande lydar til i Hylsskaret, og som ein spann vidare på...?

Heilag Olav i Suldal

Ein gong kom Heilag Olav siglande med skuta si inn Hylsfjorden, han vilde aust-yver til Sætisdalen og kristna heidningane der, meiner dei. Då han kom til botnen av fjorden tok han beinleidi og kløyvde fjellet, so det vart eit djupt skar, Hylsskaret dei kallar. So siglte han langsmed nordre sida av Suldalsvatnet til han kom eit stykke ovanum Littlehamar. Der kan ein ennå sjå noko av seglet hans i ein bratt fjellvegg. Tok han så yver på søre sida av Suldalsvatnet og for upp Rolleivsdjuvet og vidare austyver til Sætisdal. Folk som er godt kjende i heidane millom Suldal og Sætisdal segjer, at skipet hans stend enno i eit fjell der.

Aamund Salveson: Folkeminne, 1924

Ei Suldals-gjenta som vart gift med ein huldrekkall

På Våge i Suldal tente ein gong ei gjenta frå Littlevik. Ho var gjæv og fager; i minsto var det ein hulrekall i Hylsskardet som lika henne framifrå godt. Og det som meir var: ho lika også han. Tidt fann dei henne i lag med hulderne.

Ein gong kom folk uventa yver henne uppe på loftet. Då sat ho og rudde i ei mengd med gullstas; men då dei vilde taka i det og sjå det, var det med ein gong burte. Ein stor gullring som ho hadde fenge, gjekk ho med stødt.

Husbonds-folket kunde aldri lita på at dei hadde henne; for rett som det var tok ho seg ein tur åt Hylsskardet. So sende dei henne heim; men der vart ho ikkje lengje.

Best som det var kom ho burt, og dei fekk aldri spurt til henne meir. Foreldri hennar visste nog at ho hadde gjenge attende til kjærasten i Hylsskardet; men dei vilde helst ikkje at folk skulde få greida på dette. So laga dei til ei likkista og lagde ein orre-brand inni og heldt gravøl etter dotteri.

Men gjenta hev det ikkje godt i Hylsskardet. Mannen hennar døydde, og no sit ho kvar natt og syrgjer honom. Når folk ferdast gjennom Hylsskardet nattartider, er det mange som hev høyrte henne gråta.

*Torkell Mauland:
Folkeminne fraa Rogaland 1928*

Frå Hylsskaret mot Våge.



Gyvradalen

I utmarka til dei på Brommeland i Sand er det ein dal dei kallar Gyvradalen. På den eine sida av eit skar i denne dalen finst der ein kjempestor stein, som ser ut som ei kjerring som spinn på ein rokk. Denne steinen kallar dei Gyvro. Segna seier at Heilag Olav ein gong kom siglande gjennom dalen. Då vart ei gygr som sat der og spann på rokken sin, sinna og sa til Olav:

- Kvi sigler du meg til mein?

Olav svara:

- Stå du der og vert til stein!

Såleis vart det, og kjerkinga er å sjå der den dag idag.

*Aamund Salveson:
Folkeminne, 1924*



Mange segner frå Suldal er lagt ut på nettsida segner.no

På nettstaden Sagnkartet legg Norsk Folkeminnesamling ut segner frå heile landet: <http://www.hf.uio.no/ikos/tjenester/kunnskap/samlinger/norsk-folkeminnesamling/Sagnkart/sagnkart.html>



Stølen Lånenene.

Korleis dei på Hoftun og Vasshus i Suldal fekk seg heiabete

Uppe ved Suldalsnapen er det eit stort heiabete, som dei kallar Lonebeitet. Det høyrer gardane Hoftun og Vasshus til. No ligg desse gardane langt frå kvarandre med fleire gardar millom. Korleis kan det ha seg, at desse gardane hev kome til å eiga dette beitet i hop? spør du. Jau, segni segjer:

Two mann, ein frå Hoftun og ein frå Vasshus, var ein gong uppe ved Napen og skaut rein. Då dei var komne til ein stad heiter Kvio ikkje langt frå Kvianuten, fann dei ein død mann, som låg på marki. Mannen kjende dei ikkje, men på staven hans, som låg attmed han, stod det skrive:

*«Den som meg kan finna
skal Kvianuten vinna.
Den ned meg vil grava
skal Lonebeitet hava.»*

Liket tok dei med seg til bygdi, og der vart det jorda i viggd jord.
På denne måten kom Hoftun og Vasshus til å eiga Lonebeitet

Aamund Salveson: Folkeminne, 1924



Tradisjonsberaren Lars Lofthus (f. 1813) teikna av folkeminnegranskaren Rikard Berge i 1902, då han var lærar i Kvilldal. Berge samla inn soger, viser og stev frå Lars. Han skreiv om dette i Stavanger Turistforening si årbok for 1928, som har Suldal som tema. Rasmus Løland samla og inn tradisjonsstoff frå Lars.

2.5.3. Folkeminne - myter, egner og eventyr

Det er samla inn mange soger, segner, gåter, eventyr og annan munnleg tradisjon frå Suldal. Ikkje minst fleire kulturpersonlegdomar som har vore lærarar i kommunen har bidrege her. Ein kan nemna Rikard Berge, Torkell Mauland og Johan Veka, men også Rasmus Løland samla inn slikt tradisjonsstoff. Mykje av dette er publisert i bokform, t.d. boka Sølvknappane av Daniel Hoftun (2001), og i dei tre bøkene med Maulands folkeminne som vart gitt ut etter hans død.

2.5.4. Musikk og dans

I høve til mange andre Rogalands-kommunar har Suldal ein rik og levande folke-musikktradisjon. Suldalsspringaren (sjå faktaboks) og den særmerkte liksongtradisjonen er døme på det. Det er såleis ikkje utan grunn at Folkemusikkarkivet for Rogaland er lokalisert ved Ryfylkemuseet. Her vert det oppbevart noter, tekstar, lyd- og filmopptak med folkemusikk og dans frå heile fylket, og Suldal er godt representert. Folkemusikk er elles tema i Ryfylkemuseet sitt årsskrift Folk i Ryfylke for 2002, og det er også gitt ut publikasjonar med songar, bånsullar m.v.

2.5.5. Handverktradisjonar og arbeidsmåtar i landbruket

Gamle handverktradisjonar har vore haldne i hevd i Suldal fram til nyare tid. Ryfylkemuseet har vore aktivt med på å halda liv i desse, gjennom kurs og praktisk

Ordtak:

Inkje eit ord fyrr han Per er i jordi, sa kjeringi, ho hekk fast i døri og trudde det var ein som vilde fria. (*Suldal*)

Gåter:

Det kjem ei tunna rultande og brultande,
bandalaus og stavlaus;
ingen mann
i dette land
denne tunna banda kan. (*Jelsa*)

Det stend ein stut på Brattebakka
og burer ut yver havet
i tie mil
og i tie bygdelag
og endå i tie til. (*Hylsfjorden*)

Kva er det:
Ein tek det med munnen;
d'er sotare enn sukker
ein gjerer korkje et eller drikk det. (*Hylsfjorden*)


Stev:

Kva vil du segja, når lenger lider,
når magen aukar, og modet siger,
når barnet kjem og hev ingen far,
so går dei alle og hev deg til narr. (*Suldal*)

Bånsull:

Sulla, lulla dokko fin!
Silkeserken Armelin,
prikutte skor med rosor på,
so dansar ho litla dokko vår. (*Suldal*)

*Munnleg tradisjon, henta
frå Torkell Mauland:
Folkeminne fra Rogaland.
3. bandet, 1935.*



Torkell Mauland (1848-1923) var m.a. lærar ved amtsskulen i Ryfylke på Sand, og samla då inn mykje kulturhistorisk stoff frå Suldal. Det meste vart publisert etter han var død.

*Løysing på gåter:
havbåra,
tora,
kysset.*

restaureringsarbeid. Dei har også gitt ut ein serie publikasjonar som tek føre seg ulike arbeidsmåtar innan bygningsvern.

Eldre driftsformer i jord- og skogbruk baserte seg og på særeigne arbeidsmåtar. Dette er for det meste godt dokumentert. Ei god kjelde er boka «Frå det gamle arbeidslivet» om «ord og nemningar, truer og tradisjon frå arbeidslivet i Suldal, Røldal og Sauda» av Lars Hellemo (1957). Det finst og filmopptak av enkelte arbeidsmåtar frå Suldal, t.d ved stampa på Kvestad.

2.5.6. Daglegliv, husflid m.v.

Det er mykje «kvardagskultur» knytt til dagleglivet, matlaging, dugnads- og organisasjonsliv og husflids- og hobbyverksemd. Det vil føra for langt å gå i detaljar her. Det er først og fremst Ryfylkemuseet sitt ansvar for å dokumentera dette feltet. Av spesielle kulturminne frå Suldal må nemnast dei særeigne pinnhuene som er kjende herfrå, og rosemålingstradisjonen som særleg Ryfylke Arbeidsskule på Sand var med på å utvikla. Mattradisjonane er også dokumentert og publisert i bokform.

Suldal har eit særskilt høgt tal frivillige lag og organisasjonar. Fleire av desse har gitt ut jubileumshefte og liknande, men mykje av verksemda er nok også u dokumentert. Ein bør oppmoda slike lag til å deponera sine arkiv hjå Ryfylkemuseet.



I 2001 ga Posten ut dette frimerket med ei pinnhue frå Jelsa i sin serie med husflidsmotiv. Suldal husflidslag har gjort eit stort arbeid for å dokumentera og vidareføra pinnhuetradisjonen.



Suldalsspringaren

Suldalsspringaren er ein vakker og spennande dans med lokale særtrekk som går tilbake til midt på 1600-talet, kanskje 1500-talet, til motedansar i Sentral-Europa. Den norske springaren representerer saman med hallingen svært gamle overleveringar av musikk og dans i den vest-europeiske kulturkrinsen. (frå artikkelen "Suldalsspringaren" av Siri Dyvik, Folk i Ryfylke 2002 (Ryfylke-museet)).



Bilda over syner Åshild Vetrhus og Håvard Sjøvoll som dansar suldalsspringar under Ungdomens kulturmønstring, på Ryfylke Folkehøgskule januar 1995

Ruth Anne Moen (1950-2011) bygde opp folke-musikkarkivet i Rogaland som vart lokalisert til Ryfylkemuseet. Ho var aktiv innan formidling av folkemusikk lokalt og har vel hovudæra for at denne kunstforma framleis lever i beste velgåande i Suldal. Her ser me Ruth Anne til venstre saman med Brit Guggedal, som på midten av 1990-talet var tilsett som dansekonsulent i Suldal kommune. Bildet er tatt under den årvisse folkemusikkhelga på Mørendahus, her i 2004.



3

Planverktøy og vedlegg

3. Planverktøy



Stølsbruk har særskilt rike tradisjonar i Suldal, og er mellom prioriterte tema i kulturminnevernet. Her er Anna Bjørkenes på stølen i 1943.

Grunnavassstolen til Kjetilstad var saman med Proststolen til same gard dei siste der det vart stølt i Suldal. Stølinga opphørde i 1959.



Kulturminna våre representerer nasjonale verdiar. Dei synlege uttrykka etter folk og levemåtar i eldre tider hjelper oss til å oppleve fortida, dei skaper forståing for samanhengen mellom generasjonane og forklarar vår eiga tid sitt levesett.

Som kulturkommune har Suldal eit særleg ansvar for å ta vare på viktige kulturminne og nyttja desse til identitesskaping, i undervisning og i reiselivssamanhang.

Suldal har ein særleg rik kulturarv å forvalta i alle dei spora som finst att frå tidlegare tider. I høve til fylket totalt markerer kommunen seg ut med sitt høge tal registrerte kulturminne frå nyare tid, og skil seg ut både med særsmake mange og fine og velbevarte kulturminne, m.a. fleire heilsaklege miljø. Kommunen har vore gjengstand for fleire større undersøkingar enn andre kommunar. Særleg i samband med vasskraftutbygging har det vore gjennomført kulturhistoriske undersøkingar og registreringar. Heiområde, utmarks- og stølsområde er særleg godt registrert.


Som det går fram tidlegare i denne planen, er det mange aktørar med ulike roller når det gjeld å ta vare på kulturminne av ulike slag. Kommunen si rolle er tydeligast innan vern av bygningar, bygningsmiljø og kulturlandskap, både gjennom planlegging, forvalting av lovverk og som bidragsyter av tilskot og rettleiing.

3.1. Mål for kulturminnevernet i Suldal

1. Å skapa forståing, respekt og stolthet for den eineståande kulturarven i Suldal.
2. Å sikra både materielle og immaterielle kulturminne gjennom fysisk bevaring og gjennom formidling og levandegjering. Nyttja kulturminna i næringer som turisme og reiseliv.

3.2. Strategiar

1. Ta vare på kulturminne som kjelder til kunnskapsformidling gjennom sin bygningshistoriske, sosialhistoriske eller næringshistoriske verdi. Oppdatera SEFRAK-registeret og prioritera objekt i kategori A og utvalde i kategori B som ligg i prioriterte område (og kat. C-bygg dersom dei inngår i miljø).
2. Ta vare på kulturminne som er gode kjelder til opplevingsverdi knytt til estetikk og/eller identitet, særleg langs Nasjonal turistveg Ryfylke og i prioriterte kulturlandskap. Informera om og skjøtta kulturminne knytt til tilrettelagde turstiar.
3. Satsa på følgjande tema der Suldal har særlege føresetnader:
 - Utnytting av vasskraft
 - Husmannsvesenet
 - Stølsbruk og heieslått
 - Skogbruk og foredling av trevirke
 - Strandstadbusetnad
 - Tidleg turisme



Hansaplassen ved Sand skule vart nytta aktivt i undervisninga ved skulen, m.a. ved oppsetting av ei informasjonstavle der denne teikninga var med. Den syner ein tenkt situasjon under potetopptaket kring 1850.


4. Nytta ulike informasjonsmåtar, analoge og digitale, aktivt for å auka kjennskapen til kulturminna.
5. Bruka kulturminna aktivt i undervisning, t.d. gjennom den kulturelle skulesekken. Informera om kulturminne nær barnehagar, skular og merka turstiar/viktige friluftsområde.
6. Syta for god rådgjeving til dei som vil ta vare på kulturminna sine.
7. Ta særleg omsyn til kulturminna i all kommunal arealplanlegging, og senda saker til uttale til Fylkeskommunen, jfr. §25 i Kulturminnelova. For automatisk freda kulturminne er Riksantikvaren dispensasjonsmynde.
8. Sikra dei viktigaste kulturminna i kommunen gjennom vern i medhald av Plan- og bygningslova (t.d. som regulerte spesialområde) eller gjennom Kulturminnelova. Dette bør vera i forståing med eigar av kulturminna.
9. Samarbeida med overordna kulturminnemyndigheter og Ryfylkemuseet for å nå desse måla, gjennom informasjon, støtteordningar og juridiske virkemiddel.
10. Samarbeida og støtta lokale frivillige organisasjonar som arbeider med kulturminne.

3.3. Retningsliner for bruk av kommunale kulturminnevernmidlar


Suldal kommune set kvart år av ein sum i budsjettet til kulturminnevern. Ofte vil tildelte midlar berre vera eit «klapp på skulderen» i forhold til reelle kostnader, men dette kan likevel vera avgjerande for at kulturminne blir tekne vare på eller restaurerte. Ved stor søknad bør tildeling av desse midlane prioriterast etter følgjande uprioriterte retningsliner:

- Tiltak i heilskaplege område kultur- og naturlandskap, t.d. Hamrabø-Littlehamar; Ulladalen
- Tiltak langs Nasjonal turistveg Ryfylke
- Tiltak der allmenta har tilgjenge
- Tiltak som betrar allmentas tilgjenge, helst med universell utforming, t.d. vegar, stiar, bruar
- Skjøtselstiltak som aukar verdien av t.d. kulturlandskap
- Tiltak som bidrar til informasjon og betre kjennskap om kulturminne
- Tiltak som er høgt prioriterte i SEFRÅK og andre nasjonale lister/registreringar
- Tiltak som held i hevd tradisjonsbåren kunnskap og arbeidsmåtar
- Tiltak som supplerer eksisterande tema, tidsperiodar m.v.
- Tiltak som bidrar til næringsutvikling/reiseliv
- Tiltak som har verdi for undervisning
- Tiltak som har verdi for biologisk mangfold
- Tiltak som har varig effekt
- Samarbeidstiltak

Tiltak som oppfyller fleire av desse kriteria bør sjølvsagt prioriterast ekstra høgt.



Suldal er heldig stilt med omfattande og velskrivne bydebøker. Desse er ei stor kjelde å ausa lokalhistorisk stoff av.



Kydlestuvar, som her på Våge, krev jamnleg skjøtsel slik at dei framleis kan vera eit minne om tidlegare tiders forhausting.

Tiltak av ein type som det er mange døme på frå før, bør prioriterast lågare.

3.4. Reglar for tildelte midlar

1. Tildeling av midlar skal skje etter søknad med tidsrame og budsjett for arbeidet, inkludert eigeninnsats.
2. Ved restaurering/rehabilitering av bygg blir det bare gitt tilskot til tiltak på fasade, ikkje innreiing.
3. Utbetaling skjer etterskotsvis ved framlegging av rapport med bildedokumentasjon for utført arbeid og dokumenterte utlegg.
4. Ved tildeling av midlar til utarbeiding av rapportar, registreringar av fotografi

Vedlegg 1:

Hus i SEFRAK kategori A *og verneverdige bygningsmiljø*

Nummerering gjeld krets/løpenummer slik det er oppgitt i rapporten. Hustypar utan objekt i kategori A er ikkje tekne med her. Miljøa kan bestå av hus i alle kategoriar, ikkje nødvendigvis i kat. A.

Husa på garden og plassen

Våningshus og folgehus

- 1/26 Våningshus Havrevoll, Hamrabø
- 1/31 Våningshus Vikane, Hamrabø
- 1/107 Våningshus Mokleiv
- 2/6 Våningshus gautun, Nesflaten
- 2/42 Våningshus Moatre, Nesflaten
- 4/41 Bustadhus Kvednaflåtå, Bråteit
- 6/18 Våningshus Hoftun, Suldal
- 6/23 Kolbeinstveit, Suldal
- 8/34 Våningshus Litunet
- 8/35 Folgehus Litunet
- 12/26 Våningshus Lølandstova, Løland
- 15/22 Våningshus Foss, Suldal
- 18/3 Malenehuset Håland, Erfjord
- 21/1 Våningshus Bjørklund, Ropeidh.
- 21/31 Våningshus Krististova, Kjølvik

Stabbur

- 1/25 Stabbur Havrevoll, Hamrabø
- 2/5 Stabbur Gautun, Nesflaten
- 3/10 Stabbur Roalkvam
- 3/11 Stabbur Roalkvam
- 4/7 Stabbur Vetrhus, Bråteit
- 5/5 Stabbur Øystad, Kvilldal
- 6/26 Loft Guggedalsloftet, Kolbeinstveit
- 8/43 Stabbur Li-tunet
- 8/44 Stabbur Li-tunet
- 12/62 Stabbur Bjerga, Hylsfjorden
- 15/23 Stabbur Foss, Suldal

Jordkjellar

- 21/2 Jordkjellar Østhus, Bjørklund, Ropeidh.

Eldhus

- 7/35 Eldhus Sørstad, Suldal
- 8/37 Eldhus Li-tunet
- 15/25 Eldhus Foss, Suldal
- 20/23 Eldhus Vormestrand, Ropeidh.

Badstover

- 1/30 Badstove Havrevoll, Hamrabø
- 10/39 Badstove Hjorteland

Driftsbygningar

- 8/41 Driftsbygning Li-tunet
- 19/10 Driftsbygning Liarstøl, Erfjord

Hus for storfe

- 1/50 Kalvehus Bjørkehus, Hamrabø
- 8/45 Fjos, Li-tunet

Saue/geitehus

- 5/6 Sauehus Øystad, Kvilldal
- 8/36 Sauehus Li-tunet
- 10/38 Sauehus Hjorteland

Hesthus

- 1/27 Hestestall Havrevoll, Hamrabø
- 8/39 Hestestall Li-tunet

Smier

- 2/63 Smie Rossemyr, Nesflaten
- 10/37 Smie Hjorteland
- 15/24 Smie Foss, Suldal

Kvernhus

- 1/28 Kvernhus Havrevoll, Hamrabø
- 1/46 Kvernhus Bjørkenes, Hamrabø
- 10/29 Kvernhus Hjorteland
- 15/32 Kvernhus Foss, Suldal

Tørkehus

- 1/47 Korntørke Bjørkenes, Hamrabø
- 10/28 Tørkehus Hjorteland

Miljø av kvernhus og korntørker

- Miljø nr 26 Kvednaflåtå, Bråteit
(4 kvernhus, 1 korntørke)
- Miljø nr 36 Kvednahålå, Ritland
(sirkelsag og 3 kvernhus)

Uteløer/høyloer

- 9/71 Utløe Mo, Lundeskardalen
- 9/72 Utløe Mo, Lundeskardalen
- 9/73 Utløe Mo, Lundeskardalen
- 10/41 Utløe Hjorteland
- 10/42 Utløe Hjorteland
- 10/68 Uteløe Mæland, Ulladalen

Miljø av utelører

Miljø nr 50 Heia rundt Hamrabø
 (20 utelører, 3 utmarksører, alle til gardar i Hamrabø)
 Miljø nr 37 Lundaskardalen
 (same 3 som nemnd under Utelører)

Stølshus

1/36 Stølshus Austarå, Hamrabø
 1/62 Stølshus Havrevoll, Hamrabø
 9/50 Hytte Kvæstad, Froa
 9/51 Hytte Førland, Froa
 9/54 Stølshus Nærheim, Reinsstølen

Mjølkebuer

9/63 Mjøkebu Mo, Rota

Miljø av stølshus

Miljø nr 25, Målastøl, Kvilldal
 (storlefjøs, melkebu og 2 hytter)
 Miljø nr 51, Stølane rundt Hamrabø
 (7 stølshus, 1 eldhus)

Naust/sjøhus

12/10 Naust Indre Vanvik
 12/11 Naust Indre Vanvik
 12/42 Sjøhus, Løland, Ytre Vanvik
 12/46 Sjøhus Løland, Ytre Vanvik
 20/16 Naust Helland, Vormestrand

Miljø av naust/sjøhus

Miljø nr 39, Indre Vanvik
 (2 naust)
 Miljø nr 50, ytre Vanvik
 (3 sjøhus)
 Miljø nr 41 Tengesdalstranda
 (4 sjøhus)

Andre hus på garden

9/4 Stampehus Kvæstad, Suldal
 9/5 Open grue til stampa, Kvæstad, Suldal
 9/39 Sirkelsag, Kvednahåål, Ritland

Miljø av heile gardsbruk

Miljø nr 2 Havrevoll – 20 hus (7 A, !! B, 2 C)
 Miljø nr 3 Bjørkenes – 18 hus (3 A, 13 B, 2 C)
 Miljø nr 9 Mokleiv – 7 hus (alle B)
 Miljø nr 28 Kolbeistveit – 12 hus (2 A, 10 B)
 Miljø nr 43 Jektevik, Ropeidh. – 3 hus (alle B)
 Miljø nr 42 Foss – 6 hus (5 A, 1 B)
 Miljø nr 33 Li-tunet – 12 hus (11 A, 1 B)

Andre hus i bygda

Overnatting for reisande

1/21 Våningshus, skysstasjon Våge

Tingstove

11/14 Gardsmuseum Istad

«Lakseslott»

7/15 Lindum

Hus i tettstadene

Bustadhus

25/35 Bustadhus Bjergsted, Jelsa
 25/40 Bustadhus Sandane «Brodersen-huset», Jelsa

Skulehus

25/41 Skulehus, Riiberghuset, Jelsa

Tettstadmiljø

Miljø nr 2 Nordenden, Sand – 42 hus i kat. B og C
 Miljø nr 46 Noresjøen, Jelsa – 26 hus i kat. B og C
 Miljø nr 47 Bjergsted, Jelsa - / hus (3 A, 4 B)
 Miljø nr 29 Suldalsosen – 5 hus (4 B, 1 C)

Frå Noresjøen, Jelsa.





Vedlegg 2:

Regulerete kulturvernområde

Dei fleste tettbygde område i Suldal med store kulturverninteresser er alt regulerte til dette føremålet. I tillegg har dei store hytteområda i Gullingens-område også slike omsyn i reguleringsplanane. Reguleringsføresegnerne varierer frå område til område, ein syner til Suldal kommune sitt planregister for detaljar. På karta er dei aktuelle områda ringa inn med raud strek. Det er også mindre område med verneføresegner i andre reguleringsplanar, t.d. sikringssonar rundt automatisk freda kulturminne i fleire hytteplanar. Alt er tilgjengeleg via kommunen sitt planregister:

<https://www.suldal.kommune.no/om-suldal/kart/>





På Jelsa (over) er bygningsmassen i Noresjøen og Sandane omfatta av vern.

På Suldalsosen er to område i Gamle Osen omfatta av vern.



Fargekodar:


Gult: bustadområde

Rødt: offentlege
føremål


Blått: næringsføremål

Grønt: friluftsområde

Farge kan variera fra
plan til plan alt etter
alder. På desse bilda
er fargane lysna for
at områda med ver-
neføremål skal koma
klårare fram.



I reguleringsplanane for Gullingen/Mosvatnet (over) og Fjellbergskaret (utsnitt til høgre) er stølsområda omfatta av vernebestemmelser. I tillegg er ei sone langs Mosvatnet med potensielle for funn verna. Dessutan er alle kjende fornminne, t.d. steinalderbuplass og kolgropar verna (ikkje avmerka her).



Vedlegg 3:

Aktuelt lovverk

Kulturminnelova (1978)

§1 Føremål: «Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>

Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoner opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.

Når det etter annen lov treffes vedtak som påvirker kulturinneressursene, skal det legges vekt på denne lovs formål.»

§3 seier m.a.: “Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalte fare for at dette kan skje.”

§4 lister opp automatisk freda kulturminne: «Følgende kulturminner fra oldtid og middelalder (inntil år 1537) er fredet:

- a) Boplasser, huler, hellere med spor etter folk som har holdt til eller arbeidet der, hus- eller kirketufter, kirker, hus og byggverk av alle slag, og rester eller deler av dem, gårdschauger, gårds- og tunanlegg og andre bebyggelseskonsentrasjoner som stapelplasser og markedsplasser, byanlegg og liknende eller rester av dem.
- b. Arbeids- og verkstedsplasser av alle slag som steinbrudd og annen bergverksdrift, jernvinneplasser, trekull- og tjæremiler og andre spor etter håndverk og industri.
- c. Spor etter åkerbruk av alle slag, som rydningsrøyser, veiter og pløyespor, gjærder og innhegninger og jakt-, fiske- og fangstinnretninger.
- d. Vegfar av alle slag med eller uten brolegging av stein, tre eller annet materiale, demninger, broer, vadested, havneanlegg og åreskifter, båtstør og båtopptrekk, fergeleier og båtdrag eller rester av slike, seilsperringer, vegmerker og seilmerker.
- e. Forsvarsverk av alle slag som bygdeborger, skanser, voller, vollgraver, festningsanlegg og rester av dem og dessuten varder, veter o.l.
- f. Tingsteder, kultplasser, varp, brønner, kilder og andre steder som arkeologiske funn, tradisjon, tro, sagn eller skikk knytter seg til.
- g. Steiner og fast fjell med innskrifter eller bilder som runeinnskrifter, helleristninger og hellemalinger, skålgrøper, sliperenner og annen bergskurd.

- h. Bautasteiner, kors og andre slike minnesmerker.
 - i. Steinsetninger, steinlegninger o.l.
 - j. Gravminner av ethvert slag, enkeltvis eller samlede felt, som gravhauger, gravrøyser, gravkammer, brannflakgraver, urnegraver, kistegraver, kirkegårder og deres innhengninger og gravgærder av alle slag.
- §9 omtalar undersøkingsplikta ved planlegginga sv «offentlige og større private tiltak», t.d. ved kommunal areal planlegging.
- §12 slår fast at gjenstandar (lause kulturminne) er statens eide, definert som: «Ting fra oldtid og middelalder (inntil år 1537) som våpen, redskap, kultgjenstander samt steiner, tresykler eller gjenstander av annet materiale med innskrifter eller bilder, bygningsrester uten samhørighet med bygninger eller rester av disse, innbo, kirkeinventar, smykker, arkivsaker, skjeletter og skjelettrester o.l.», dessutan myntar eldre enn 1650. Finnar pliktar å mæla frå om slike funn.

§14 omfattar skipsfunn og fartøyvern. Desse er verna, ikkje automatisk freda.

§15 omhandlar departementet sitt høve til freding av bygningar, anlegg m.v. frå nyare tid (etter reformasjonen).

§25 slår fast: “Kommunen plikter å sende søknad om riving eller vesentlig endring av ikke fredet byggverk eller anlegg oppført før 1850 til vedkommende myndighet senest fire uker før søknaden avgjøres. Vedtak om riving eller vesentlig endring av slike byggverk og anlegg skal umiddelbart sendes vedkommende myndighet, dersom denne myndigheten har uttalt seg mot riving eller vesentlig endring.”

Ein viser elles til den fullstendige lova.

Kyrkjer og deira omgjevnader om omhandla i eige rundskriv (eiga lov om dette frå 1897 er oppheva): **T-3/00 Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø.**

Her blir det fastslått at alle kyrkjer bygde før 1650 er automatisk freda, og at utvalde nyare kyrkjer er «listeført». Forskrifta seier at det er byggefobd nærare enn 60 m for kyrkjer i spreiddbygde (ikkje bymessig) område.

Plan- og bygningslova (2008)

Etter § 11-8c om hensynssoner i **komuneplan** kan ein i arealdelen avsetta hensynssone “med særlig hensyn til (...) landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angiving av interesse.” Etter § 11-9.7 kan ein uavhengig av arealføremål gi bestemmelser til arealdelen om “hensyn som skal tas til bevaring av eksisterende bygninger og annet kulturmiljø.”

I §12-5 er lista opp arealformål område kan leggast ut som i **reguleringsplan**. I underpunkt 5 “Landbruks- natur- og friluftsformål samt reindrift, samlet eller hver for seg, herunder områder for (...) vern av kulturmiljø eller kulturminne (...).” I § 12-7 om bestemmeleser i reguleringssplan er det opna for å gi bestemmelser “for å sikre verneverdier i bygninger, andre kulturminner og kulturmiljøer, herunder vern av fasade, materialbruk og interiør (...).”

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-300-kulturminne-kirke/id278976/>

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>

Naturmangfaldlova (2009)

Lovens formål §1 seier at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

I §33 om områdevern heiter det m.a. at verneområde skal bidra til bevaring av «natur preget av menneskers bruk gjennom tidene (kulturlandskap) eller som også har kulturhistoriske verdier, og tilrettelegging for bruk som bidrar til å opprettholde naturverdiene». Og vidare i §36: «Som landskapsvernområde kan vernes natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevelsesmessig verdi, eller som er identitetsskapende. Til landskapet regnes også kulturminner som bidrar til landskapets egenart.». Også i naturreservat kan ein gi bestemmelser om vern av kulturminne.

Frå den gamle busettinga på Osen.



Vedlegg 4: Freda og verna bygningar i Suldal

<http://www.miljostatus-suldal.no/natur-og-kultur/kulturminne-og-kulturlandskap/verna-og-freda-bygningar-og-miljo/>

Kulturminne frå nyare tid som er freda etter § 15 i kulturminnelova:

- Lølandsbua, Løland gnr.82 bnr.3. Einetasjes loft av tømmer med liggjande kledning, rose malt. Bygd ca.1650.
- Litunet, Li gnr.18. Fleire bygningar, 12 - 15 i talet
- Eldhus på Sørstad gnr/bnr 26/2. Bu frå middelalderen, nå eldhus.
- Loft på Sørstad gnr/bnr 26/2
- Prestagarden på Jelsa med prestabustadhus, eldhus og borgstova
- Guggedalsloftet, Kolbeinstveit gnr.36 Les meir hjå Ryfylkemuseet
- Våningshuset på Kolbeinstveit gnr.36 Les meir hjå Ryfylkemuseet
- Loft på Øystad gnr.38

Verna som museum

<https://ryfylkemuseet.no/>

- Husmannsplassen Røynevarden. Fleire hus og tufter (Røynevarslio).
- Kolbeinstveit gnr.36. Bygdamuseum, 16 bygningar i alt.
- Kvednahålo, kvednhusmiljø på Vasshus/Ritland.
- Stampa på Kvæstad gnr.2
- Hålandstunet med våningshus, målarbua, røykstova. gnr.167.
- Handelsmuseet i Finnvik gnr.176. Krambu, bustad og sjøhus.
- Erfjord bygdemuseum, Vik. 3 bygningar. 13 bygningar

Kyrkjer og kyrkjegardar

Alle kyrkjer og kyrkjegardar frå tida etter reformasjonen (1537) og fram til for 90-100 år sidan er underlagt særskilt vern etter nemnde lov, og skal forvaltas etter rundskriv T-3/2000. Dette inneber restriksjonar når det gjeld ombygging, riving, ny busetnad i nærleiken av kyrkjene og kyrkjegardane m.v.

Jelsa kyrkje (1645-47)

Sand kyrkje (1853)

Suldalskyrkja, Vinjar (1854)

Erfjord kyrkje (1877)

Nesflaten kapell (1853)

Til høgre og baksida:
Frå Røynevarden, verna
museumsanlegg



